





Sunnfjord
kommune



Landet mellom elvane

KULTURMILJØPLAN FOR SUNNFJORD KOMMUNE
2023–2030

På sporet av Sunnfjord

*Det er ei glede å kunne legge fram
ei oversikt over dei rike historiske
minna i frå Sunnfjord.*



JENNY FØLLING
Ordførar
i Sunnfjord kommune

Planen viser spor av menneske heilt sidan det var busette folk her. Det er spesielt å tenkje på alle livsverka som opp gjennom tidene på ulike måtar syner att i dag. Spor i stein, og funn i jord og vatn har gitt namn til bygdene våre og lagt grunnlag for grendene og kulturen vår. For kultur handlar nettopp om levemåtar og korleis dei har endra seg gjennom mange generasjonar.

Planen har fått namnet «Landet mellom elvane». Det er Janne Karin Støylen i Svidal skriveri saman med Kristin Gjelsvik i kommunikasjonsbyrået Vookal som har utarbeidd planen, med grunnlag i dei tidlegare kulturminneplanane for Førde, Jølster, Naustdal og Gaular. Dei skriv at «vatnet renn og tida går», og det har det gjort i uminnelege tider. Dei første spora etter menneske skriv seg først frå om lag fem tusen år før vår tidsrekning.

Landskapet i Sunnfjord er vakkert. Det har vore kjelde til livsglede og skaparkraft. Berre tenk på Nikolai Astrup og kunstnarheimen hans på Sandalsstrand. Han var utovervend, gjestfri og reiseglad, men det var i Jølster han høyrde til og landskapet gav inspirasjon til måleria hans.

Historia vår er viktig for å kunne forstå vår eiga samtid. «Landet mellom elvane» legg eit godt grunnlag for å forstå kva verdiar vi har, og vi kan vere stolte av det forfedrene våre har skapt.

Samstundes gir rapporten eit godt grunnlag for å arbeide vidare med kulturminna våre gjennom handlingsplanen som er presentert til slutt i planen.

Sunnfjord er ein ny kommune, og planen er eit viktig bidrag til å skape fellesskap og identitet. Takk til alle som har bidratt til dette praktverket av ein plan.

SLIK LES DU PLANEN

Det **første kapittelet** i denne kulturmiljøplanen er ei tidsreise i tusen år. Vi fylgjer dei spora som har sett far etter seg på ein slik måta at framande har fått høyre om Sunnfjord, slik at dei har kome hit og auka rikdomen her med sitt eige. I det første kapittelet les du om kulturminne av nasjonal eller regional verdi i Sunnfjord kommune.

Heimar, levebrød og levemåtar skapte vi i stein, med jord og av vatn. I lov om kulturminne definerer ein sjølve omgrepet «kulturminne» som spor etter menneskeleg verksemd i fysiske miljø og lokalitetar. Kunnskapspotensiale og opplevingsverdi

er kriterium for vurdering av verneverdi. Vi har brukt dei same kriteria for å velje ut og vise veg til slike spor i Sunnfjord, i **kapittel to, tre og fire**.

Steinen, jorda og vatnet har skapt tonar, fargar, former og forteljingar i oss. Sett spor i oss. I musikken, språket og handverket finst far etter desse spora i menneska før oss. Den immaterielle kulturarven kan du lese om i **kapittel fem**.

Språket set oss på sporet av korleis vi har lukkast i å skape gode samfunn og sterke fellesskap i Sunnfjord. Vi kan fylgje spora

til det norrøne verbet «stefna» og vår notidige, milde form «stemne» for å kveike tanken på nytt, i **det sjette kapittelet i planen**.

Planen set deg på sporet av Sunnfjord. I mange oppslag finn du tips til kvar du kan lese meir om temaet. I **det sjuande og siste kapittelet** finst ei oppsummering av formelle føringar for kulturminnearbeidet og endeleg den handlingsplanen vi legg til grunn for kulturminnearbeidet frametter.

God lesnad!



Sunnfjord kommune 2022

Redaktør: Hilde Bjørkum
Redaksjonsgruppe: Asbjørn Tyssen, Åshild Kjelstad Seljesæter,
Trond Ueland og Hilde Bjørkum
Tekst og tekstomarbeiding: Janne Karin Støylen, Svidal skriverseri

Framsidedfoto: Tore Karlsen
Grafisk utforming: Kristin Gjelsvik, Vookal

Innholdsliste

INNLEIING	Side 3 Side 7	På sporet av Sunnfjord Forminne og eldre historie // Landet mellom elvane
KAPITTEL 1	Side 9 Side 11 Side 13 Side 15 Side 17 Side 19 Side 21 Side 23 Side 25	Samferdsle i eldre tid // Vegar i vikingtid Middelalderhistorie // Ein gut, ei borg, ei rose, ei lilje Kyrkjehistorie // Til kyrkje i tusen år Embetsmannsverket // Der elvane møtest – ein tettstad veks fram Kunstnarheimen i Astrup-tunet // Kunstnarheimen på Sandalsstrand Eldre industrihistorie // To brør, to bygder, to industry-eventyr. Byutvikling og arkitektur // Tusen teikningar på tretti år Kunsten og bygda // Kunsten kom til bygda og vart verande Sunnfjord som kulturmøteplass // Saman under sola i Sunnfjord
KAPITTEL 2	Side 27 Side 29 Side 31 Side 33	Kulturminne i stein // Merke i stein Bruer som kulturminne // Brubyggjarar i elveland Meierihistorie // Gå langs garden til ei anna tid Industrihistorie og byutvikling // Steinen
KAPITTEL 3	Side 35 Side 37 Side 39 Side 41 Side 43	Kulturminne i jord // Dei er i riket sitt og sår si jord Tuna som kulturminne // Tolv hus i tunet Husdyrhald som kulturminne // Framsynte søstre med små kyr // Alle dei vakre hestane på Hestad Matkultur som kulturminne // Frå jord til bord i Sunnfjord Støylane som kulturminne // Minne frå Kvandalstølen
KAPITTEL 4	Side 45 Side 47 Side 49	Kulturminne langs elvane // Leit i vatnet Krafthistorie og fiskeri // Kraft og vern // Gode fiskehistorier Reiselivshistorie og vegar som kulturminne // Vegvisarar frå bre til fjord
KAPITTEL 5	Side 51 Side 53 Side 55	Immateriell kulturarv // Spor i oss Musikk, dans og språk // Skaparkraft og spelerom // Å sjå seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld Handverkshistorie // Frå bror til bror, til dotter frå mor
KAPITTEL 6	Side 57 Side 59 Side 61 Side 63 Side 65	Samfunnshistorie // Spor i ord Skulehistorie // Då åtti klokker klang // Ei skulestove i ein tidskapsel Embetsmannsgardane i bygdene // Sjuande prest i huset Krigsminne // Spor etter krig Møteplassane // Husa våre
KAPITTEL 7	Side 67 Side 69 Side 70 Side 72 Side 73	Om kulturminne Handlingsplan Bakgrunn, målsettingar og definisjonar Fotokreditt Kjeldeliste og notar

Landet mellom elvane



*Sveipt i snø. Kvilande under isen.
I hundre tusen år låg landet i dvale. Ei blå kappe breidde
seg over alt Sunnfjord skulle bli. Verna og venta.
Så kom varmen. Landet steig.
Vår plass på jorda synte seg for dei første av oss.*

Kanskje var det slik, som segna seier, at fire dråpar vatn blenkte under isen? -Skal vi sjå kven som kjem først til fjorden? sa den eine til dei andre tre. Så pipla dei nedetter iskanten i kvar si rås. Øvst var det trongt og bratt. Vassdråpane skar seg ned mellom berga, fekk større og større fart og fossa snart nedetter fjellsidene. Nede i dalane vida landet seg ut. -La oss få vere her for alltid, tenkte dei fire dråpane då det såg dei grønne, fruktbare dalbotnane og skogen som vaks langs begge sider, opp frå hyller av sand og elvegrus.

Men vatnet er aldri i ro. Vatnet er alltid i rørsle. Så vassdråpane rann vidare.

Kven kom først til fjorden? Var det Jølstra, Gaula, Nausta eller Anga?

Slår du fylgje med elvene gjennom Sunnfjord finn du mange svar. Vi som har heimen vår i landet mellom dei fire elvane bur i eit gåtefullt landskap med løyndomar langt oppe på fjellet, djupt nede i jorda.

Inst inne i skogen, ytst ute mot havet finn du eventyret om oss.

Frå Jostedalsbreen i aust til Kvellestad ved havgapet i vest går ferda vår no. Frå høgste toppen på Snønipa til djupaste botnen i Førdefjorden. Gjennom fosselandedet. Over fjell og dal. Langsmed stranda, opp til gardane, inn til støylane.

Å slå fylgje med elva er som å slå fylgje med tida. Tida renn gjennom oss, slik elva renn gjennom landskapet.

-La oss få vere her for alltid, tenkte dei fire dråpane. Men vatnet er alltid i rørsle, slik vi er.

Vatnet renn og tida går.

Slår vi fylgje med vatnet, slår vi fylgje med oss sjølve, gjennom tida.

Vi har vore her så lenge. Så lenge at vi har sett namn på tida. Steinalder, bronsealder og jernalder kallar vi dei gamle tidene. Kvar ville den aller første sunnfjordingen bu? Kanskje på Engebø. Her viser utgravingar buplassar frå den yngre steinalderen. Djupt i jorda på Kjøsnes finst dyrkingslag frå eldre bronsealder, kokegrop frå yngre bronsealder og gravrøyser frå jernalderen. Mot fjorden på Horne finst gravrøyser frå same tid, vendt mot sjøen og leia, lagt på høge, lange svaberg. Kvifor la dei steinane slik, så synleg og vakkert i landskapet?

Les meir: Vedlegg nr. 2 til Kulturminneplan for Naustdal kommune: Kulturminne i Vevring.

Atle Jarl frå Gaular regjerte over Sygnafylket medan Harald Hårfagre var konge i Noreg. Atle fekk tilnamnet «inn mjóvi», den magre. Livssoga hans har inspirert det historiske spelet «Kjærleikssaum» av Rolf Losnegård. Gaularspelet vert framført på Osen gard i Bygstad.



SITAT FRÅ GULATINGSLOVA

Vi kan framleis lære mykje av den gamle lova. I paragraf 138, om nid, heiter det:

«Ingen skal fortælle opspind eller sladder om andre. Det kaldes opspind, hvis en mand om en anden fortæller noget, der ikke sker, ikke vil ske og ikke er sket. Da er han fredløs, hvis han findes sandskyldig»

Vegar i vikingtid

Varmen kom. Landet steig. Vi hadde vore vandrara og fangfolk så lenge. For fem tusen år sidan fall vi til ro langs elevene og vatna. Vi heldt husdyr og sådde korn. Landet var lunt og jorda var lett å dyrke. Gardane vart større og rikare. Osen i Gaular var kanskje den største og rikaste av dei alle. Her var det halde hov og her heldt høvdingen til. Folk kom frå Fjordane, frå Fjaler og frå Sogn for å helse dei norrøne gudane i Vallhall i lag.

Folk kom til Gaularhovet over havet òg. I Landnámabok kan vi lese om den islandske busetjingshistoria. Her møter vi Lopt Ormson som kvart tredje år sigla heim frå Island til hovet for å blote. Her møter vi også Torbjørn den gaulværske. Dette er den første skriftlege kjelda vi har til stadnamnet Gaular.

For å få tilveret som bufaste, sjøveigande bønder til å fungere måtte det lagast lover og reglar. Bønder frå heile kysten samla seg i Gulen, på Gulatinget, for å utforme lover og avseie dommar frå 900-talet og i fire hundre år framover. Gulatingslova var med å legge grunnlaget for demokratiet vårt, men då som

no var demokratiet avhengig av at folk kunne og ville delta. Viksdølene kunne velje mellom seks vegar når dei skulle til sjøen. Ein av dei gjekk frå Følling til Høyanger og fekk status som tingveg for dei indre bygdene i fjordane.

På denne vegen er det enno synlege merke etter ei fjellstove, nærare tusen år gamle. Framleis er det lett å få auge på tuftene. Dei ligg nokre hundre meter sør om Steinbrua, ei lita brua over eit smalt sund mellom Steinbruvatnet og Larselvavatnet. Murane ligg frå vest mot aust tett ved ei rås. Ein stor, jordfast stein ligg i søraustre hjørnet. Det kan sjå ut som om døra har vore i vestveggen. Somme tider skal det ha blitt halde ting også i denne stova, over saker Sunnfjordingar og Sogningar kunne komme til løysingar kring på eiga hand.

Gulatingslova gav påbod om det ein dag før jonsok skulle "arbeides med Vejenes Forbedring". No gjeld nye lover, men å setje vegen i stand for kulturhistoriske føremål er ei prioritert målsetting den dag i dag.

HANDLINGSPLAN

GULATINGSVEGEN

Tilrettelegge ruta med merking og synleggjere tufta etter den gamle tingstova, slik at vegen framstår som ei historisk vandrerute langs den gamle ferdseisvegen mellom Gaular og Høyanger.

Les meir: Kulturminneplan for Gaular 2021-2023



Ein gut, ei borg, ei rose, ei lilje

På Álhus går ungane i barnehagen i Borgja. Det nye forsamlingshuset med leikeplass og ballbinge står på Hegrenes, i nærleiken av tuftene etter den første borgja på Álhus.

Ein gong leika ein annan gut i det høge, grøne graset ved elva. Audun Hestakorn, kalla dei han. Kanskje fordi han likte å gje hestane god mat, helst korn.

I middelalderen var det berre kongar og kongens menn som bygde borger. Audun Huggleikson vaks opp til å bli kongens mann. Borgja han let røyse på Álhus tyda på at han var både mektig og sjølvrådig. Tolv meter brei, femten meter lang og med tjukke steinmurar, låg ho godt synleg nede ved vatnet.

«Herre til Hegranes, vår kjære blodsfrænde og sekretær». Slik innleier kong Eirik eit brev til Audun Huggleikson i 1295. Audun var i denne tida kjend som den kunnigaste mannen i landslova og dermed den mektigaste ved sidan av kongen. Truleg var han óg i nær slekt med kongen, slik vi kan lese i brevet; Ein «blodsfrænde» var ein slektning.

Audun var fødd på Álhus kring 1240. Faren Huggleik var storbonde og hirdmann til Hákon Hákonsson. Garden Hegranes var sentrum i ei gods-samling som kan ha omfatta over 30 gardar på Jølster. Audun fekk god opplæring, først av ein huslærer heime på garden og seinare på hirdskulen til kong Hákon i Bjørgvin. Han fekk undervisning i språk, kyrkjeleg rett, våpenbruk, administrasjon og høvisk framferd. Truleg stu-

derte han seinare ved universiteta i Sorbonne og Bologna.

Med ei så god utdanning, slektsband til kongen og ein sterk personlegdom låg vegane opne for guten frå Álhus. Som kongens stallare sat han så tett på makta som det var råd å komme.

I 1302 vart Audun Huggleikson avretta på Nordnes i Bergen.

Eit djupt fall. Ei stor gåte. Kva hende med Audun Hestakorn?

Framleis finst det spor å fylgje, svar å leite etter. Murane etter Audun si borg er borte, men steinen finn vi att i grunnmuren til Álhus kyrkje. I våpenhuset i kyrkja finn vi eit dørbblad som truleg er frå baronen si borg.

Studerer vi minnesteinen ved riksvegen, kan vi finne spennande spor i fleire symbol:

Ei rose og ei lilje i våpenskjoldet han bar, peikar mot slektskap til kongesætter med røter i Ardenne i Belgia og Semur i Frankrike. Ser vi nærare etter har rosa fem blad. Liljene vender vekselvis innover og utover. Ei slik dobbel liljebord finn vi i det skotske kongeflagget og mykje seinare i kommunevåpenet til Jølster kommune.

Smykkekunstnar Anne Lise Øvrebø har skapt fleire design med utspring i våpenskjoldet, både av rosa og liljeblanda. I fleire år vart Liljekrossen gitt i gáve til alle born som vart fødde i Jølster, slik Audun var.

Kring år 1300 fanst det også ei ætt i Naustdal som tilhørde topparistokratiet i Noreg: Eilivane sat i kongens råd og ætta hadde ein god del av jordegodset sitt i heimbygda, på sjølve garden Naustdal. Mange av naustedølingane må ha vore leiglingar under Eilivane.

HANDLINGSPLAN

Etablere ei kulturminneløype for å dokumentere middelalderhistoria på Álhus som mellom anna omfattar tuftene etter Auduns borg, minnestein ved riksvegen og dørbblad i Álhus kyrkje.

Ei ny kulturminneløype på Álhus vil omfatte Eikaas-galleriet og bør innebere at utomhusplan for området vert prioritert.

Les meir: Kapstad, Anne-Cecilie: *Kongens sendebod: Audun Huggleikson 1240–1302.*

Den nesten umerkelege vibrasjonen
i tre og stein, ei sprukken flate
Der generasjonar ser sitt eige andlet
Der fortid møter framtid
liksom i ein spegel

Paal Helge Haugen.

Til kyrkje i tusen år

På den vakre holmen i den vesle fjorden har ho funne plassen sin. Smålåten og enkel, men ærleg og fri mellom furutrea. Her på Hestad kallar dei ho for Øyrakyrkja. Vide omkring har vi lært ho å kjenne som Hestad kapell.


Eit brurefylgje kom over fjellet og måtte overnatte i Bruraskaret under Brurahilla- ren grunna dårleg ver. Då dei kom ned til Hestadfjorden om morgonen måtte dei ta båt til kyrkja og uveret braut laust att. Folk og sølv sokk til botnar. Segna seier så, og sant er det for den som ser sola glade i vest over hestane og skimtar det skimrande sølvet under vassflata, der brurekrona blenkjer på botnen av Hestadfjorden.

Medan sølvet blenkjer i skinet frå ei romantisk og tragisk segn, kan vi klyve opp i klokkeårnet og kjenne desperasjonen i realitetane frå tidene før oss renne gjennom huda på fingertuppene. Stryk du handa langs klokka, kjenner du riper og skar. Når

sjukdom råka folk eller dyr og alle lækjeråd slo feil, var skav av kyrkjeklokka det siste ein hadde å ty til.

I Bergen kalvskinn er kapellet nemnd i den pavelege rekneskapsen frå 1327, inntektene var gode i soknet. I 1805 vart kapellet rive og bygd opp att, men med få endringar. Bøndene i bygda bygde kyrkja si sjølv.

Fjorden blenkjer, lauvet fell. Eitt år blir til ti, blir til hundre og snart tusen. Folk held fram med å finne fram til den vesle kyrkja, slik dei har gjort sidan 1100-talet. Sommarsdagen med båtar gjennom sundet, om vinteren med slede over Øyra. I vår tid langs vegane sør- og nordetter fjorden.



HANDLINGSPLAN

Hestad Kapell og kulturminneløyper på Hestad

Innstallere eit anlegg som straks sløkker tilløp til brann.

• Knyte landskapet rundt og historia sterkare til kulturminnet og legge til rette for at eigedommen og omgjevnadane rundt blir ein læringsarena for berekraft.

- Legge til rette for skulebesøk med kulturminne og turar i kulturløypene.
- Legge inn aktivitetar knytta til historiske handlingar ved årlege kulturminnedagar.
- Tilrettelegge for og ta i bruk i enda større grad historisk/pilgrimsrute over fjellet frå Markeset i Høyanger kommune gjennom Bruraskaret til Hestad Kapell.

Kyrkja og kyrkjestaden på Ålhus

Ålhus kyrkje er bygd i 1795 og er truleg den femte kyrkjebyggingen på staden.

Slik som på Hestad er både inventar og materiale brukt opp att. Dei første skriftelege kjeldene er også nokolunde samtidige: I to brev frå 1339 og 1340 skriv biskop Håkon til folket i Ålhus sokn og til presten er. Det stod godt til også i dette soknet. Den årlege landskyldinntekta var på 28 laup smør, det vil seie 440 kilo, langt meir enn i nabokyrkjene. Kyrkjestaden har ei rik historie heilt tilbake til norrøn tid.

Les meir: Øvrebo, Egil: *Ålhus kyrkje 200 år. Jubileumbok, 1995.*



Steinbogen ved Naustdal kyrkje

Den gamle steinkyrkja i Naustdal var frå kring 1150. Ho vart riven i 1890 og erstatta med kyrkja slik vi kjenner ho i dag. Men den gamle korbogen i kleberstein er eit minne frå steinkyrkja. Etter at korbogen vart røyst som inngangsport frå sørsida av kyrkja, var skikken at alle som skulle gifte seg måtte gå vegen under porten på veg til alters.

Les meir: Kulturminneløype Naustdal rundt, vedlegg til kulturminneplan for Naustdal kommune 2017-2020.



Altartavla i Førde kyrkje

Altartavla i denne kyrkja er rekna som ei av dei mest verdifulle barokk-tavlene i landet. Ho er rik i motiva, fin i skjæringa og har eit spanande samspel mellom biletkunst og teologi. Tavla var ei gåve frå Peder Jørgensson Finde, prest i Førde frå 1637. Kunstgruppa i senioruniversitetet i Førde har samla alle kunstverka i Førde kyrkje i boka «Kunstverk i Førde kyrkje» med gode foto og skildringar.

Les meir: Reiakvam, Dagrann (red): *Kunstverk i Førde kyrkje.*



Der elvane møtest – ein tettstad veks fram



*Det første teiknet til eit sentrum i Førde finn vi i Sjøahola.
Her enda fjorden og møtte ein dalbotn med armar til både Angedalen,
Holsen, Haukedalen og Jølster.*



Like innanfor ligg òg kyrkja, med historie som kyrkjestad heilt tilbake til 1100-talet. På 1590-talet blei den første tingstova i Førde bygd her, og på same tid etablerte både handelsmenn og gjestgivarar seg. Sjøahola blei ein møteplass for folk langs fjorden og folk frå dalane innanfor.

Handelen gjekk begge vegar: Bøndene kjøpte varer dei trong, og selde eigenproduserte varer.

I tillegg busette mange eigedomsause husmenn, såkalla strandsittarar, seg i Sjøahola. Mange var handverkarar. Frå 1600-talet til langt ut på 1800-talet var Sjøahola eit administrativt senter og eit senter for handel og handverk i Førde.

Vi veit ikkje når den første kyrkja i Førde blei bygd, men truleg var det på 1100- eller 1200-talet. Ho er i alle fall nemnd i jordeboka Bergens kalvskinn frå tidleg 1300-tal. Den gamle mellomalderkyrkja stod fram til første halvdel av 1600-talet. Då blei ho bygd på med nytt skip og våpenhus, og gamlekyrkja stod att som kor i den nye. I 1838 blei det bygd ny kyrkje på same stad. Denne blei riven alt i 1884, og den noverande kyrkja blei bygd og innvigd i 1885.

Fram til 1661 var heile området på nordsida av elva Jølstra ein stor gard som blei kalla «Førde med Skei». Eigaren var apostelkyrkja i Bergen. I 1661 kjøpte den rike Førde-presten Peder Finde garden og delte han i to gardar: Skei og Førde prestegard. Skei blei deretter delt i to bruk: Indre og Ytre Skei. Alle gardane var i lang tid etterpå eigde av Peder Finde og etterkommarane hans.

Finde-slekta eigde Ytre Skei fram til 1741, då kaptein Vilhelm de Coucheron kjøpte garden. Det markerte starten på 200 år med militære embetsmenn på Ytre Skei.

Flata på nordsida av Kyrkjevegen har vore ein viktig møteplass opp gjennom historia. Her har sunnfjordingar til ulike tider komme saman til militær eksersis, dyreutstillingar og idrettskonkurransar.

Den første fjordhest-utstillinga på Tåene var i 1864. Slike utstillingar blei arrangerte inntil Nordfjordeid tok over som fast utstillingsplass for fjordhest i 1897. Tåene blei også brukt til utstillingar av storfe og andre husdyr frå rundt 1875 og til nærmare vår tid.

Volden blei utskild frå Indre Skei i 1811, og her budde det militære embetsmenn fram til 1855. Sorenskrivar Christen Elster kjøpte då garden privat, men alt i 1858 fekk han staten til å overta Volden som fast embetsgard for sorenskrivaren.

Sorenskrivarembetet i Sunnfjord har eksistert sidan 1625. Sorenskrivarane har vore busette ulike stader i Sunnfjord, men sidan 1852 har dei hatt fast tilhald i Førde.

Frå 1855 til 1971 budde det i alt ti sorenskrivarar på Volden. Då flytta sorenskrivarembetet ut frå garden, men Volden har halde fram som embetsgard. Førde kommune kjøpte han, og frå 1975 har han vore prestegard i Førde.

HANDLINGSPLAN

**Kulturminneløype i området
frå Sjøahola til Prestegarden
og 25 omsynssoner i og
rundt Førde sentrum.**

Tiltaka illustrerer korleis ein kan arbeide for å nå målsettingane til kommunen når det gjeld kulturminne:

- Vi vil styrke identitetskjenninga til innbyggjarane i Sunnfjord og gje dei god allmennkunnskap om kulturminne og kulturarv.
- Viktige og sentrale bygningar/bygningssmiljø som representerer historia og utviklinga i tettstaden Førde skal sikrast og bli tatt vare på.
- Innbyggjarane i Sunnfjord skal få kunnskap om korleis Førde vaks fram som tettstad og by og kva kulturminne som har særprege historie og den sterke veksten.
- Oppdatert informasjon om kulturarven og kulturminne/kulturmiljø skal vere lett tilgjengeleg for alle.

Kunstnarheimen på Sandalsstrand

I ein bratt bakke på sørsida av Jølstravatnet ligg Astruptunet. Kunstnaren Nikolai Astrup kjøpte småbruket på Sandalstrand i 1912.

I dei neste ti åra grov, planta og bygde han om den vesle husmannsplassen frå det nærast ulevelige til ein heim for seg og kona Engel. Åtte born kom til etter kvart.



På det vesle gardsbruket kunne familien dyrke mat til eige bruk. Kunstnaren, gartnaren og familiefaren la ned mykje arbeid i hagen. Mange av desse situasjonane skil drar han i bileta sine. Sandalstrand er som ei spegling av kunsten og tankane hans. I eit brev skriv han at det har vorte ein av dei vakraste stadane i fjellbygda Jølster, etter mykje arbeid og fleire tilbakeslag:

«Her blev det atter at begynde at bygge – smaat blev det – lidt efter hvert, efter som familien voxte til, og der trængtes mere rum, vakkert blev det heller ikke, thi det blev til under stadig armod alt det jeg byggede her. Saa havde jeg plantet paa de opbrudte jordflekker ca. 300 æpletrær, som haren spiste fullstendig op – ja, det var nok – økonomisk seet mit værste uheld, jeg skaffede mig høie og kostbare «Flækverks gjærder» men nu plantede jeg vildstammer som jeg havde «opelsked» selv, thi det blev for dyrt for mig at kjøbe nye ferdige trær, - saa gik jeg der i flere aar og podede og beskar og stelte med disse træerne – indtil de begyndte at bære frugt – det var en morsom tid: at se frugt af sit stræv, lille

Arnold sprang hver morgen naken ud – før vi andre var vaaknet – for at finde nedfalne æbler.»

Frå brev til Hans E. Kinck, 10. januar 1921.

Sunnfjord kommune har sett i gong eit omfattande restaureringsarbeid på Astruptunet. Sparebankstiftinga DNB Nor er ein vesentleg bidragsytar til det langsiktige prosjektet. Arkadia Landskap ved landskapsarkitekt Ingeborg Mellgren Mathisen har leia arbeidet med å kartlegge vegetasjonen på staden for å få kunnskap kva som faktisk fanst i hagen på Sandalstrand då kunstnaren budde der.

I hagen til Engel og Nikolai Astrup vart det planta mellom 200 og 300 frukttrær i følgje Astrup si eiga planteliste. Kunstnaren eksperimenterte, hybridiserte og tøygde grenser for kor hardføre plantene kunne vere. I arbeidet med restaureringa av hagen har ein samla inn podekvistar frå Astruptunet, som deretter har blitt oppformert på Åberge planteskule. Desse er no planta ut att i tunet, men arbeidet med historiske bær og fruktortar held fram.


Eit anna delprosjekt dreier seg om å restaurere kulturlandskapet i den urterike slåttemarka:

Klokkelyng, Flekkmarihand, Gullris, Tepperot, Myraks, Skogstjerne, Skrubbebær og ormebregne er mellom artane som finst naturleg i floraen under fjellet.

Vidare vert torvgardar, klopper, stiar og bygningar sett i stand i eit nennsomt og tidkrevjande restaureringsarbeid av den unike kunstnarheimen på Sandalsstrand.

HANDLINGSPLAN

Fullføre restaureringsarbeidet av hagen og bygningane i kunstnarheimen på Sandalsstrand.



To brør, to bygder, to industri-eventyr

Ivar og Knut Berge på Kvitaneset. Kristian og Bertil Eikås i Flugelona. Store tønner i Bygstad, små pennalhus på Jølster. Skikkeleg handverk, ny teknologi og god design var suksess-oppskrifter i to tidlege industri-eventyr i Sunnfjord.

Å lage tønner og dunkar var ei vanleg attåt-næring i Dalsfjorden. Magnus Øvrebo fortalde om bøkringa heime på garden på Sygna då han vart intervjuet til teaterstykket «Eg er i går» på Teater Vestland i 2020:

Produksjonen her det var bøkring, vi bøkra veldig mykje. Og så dreiv me sag her nede i lia. Vi bøkra heile vinteren, vi laga tønner. Det var nede i kjellaren her. Det var handarbeid, det var ikkje maskinarbeid i dei dagane, men eg har bøkra ein heil vinter i Bygstad. På akkord! Vi hadde ei krone og sju og tredve øre tønna. Så til meir du bøkra, til meir tente du, eg greidde sju – åtte og tredve tønner for dagen. Eg trur det måtte vere i 1958.

Vi fekk botnmaskin då på slutten.

Eg hugsar til at vi hadde treband, før vi fekk jarnbanda.

Men du veit, du skulle jo ha sild opp i desse tønnene, så det måtte vere jarn på opplagsenden. Eg har vore med i skogen og hogge band, vi brukte selje og rogn. Det var mykje arbeid, men det kosta ikkje noko, så lenge ein hadde skogen.

Klondyke på Kvitaneset

Brørne Ivar og Knut Berge kjøpte Kvitene-

set i 1897. Her starta dei med bøkring på staden. Tønnene vart laga i ulike storleikar alt etter føremålet dei skulle brukast til. Første verdskrigen sette fart på tønneproduksjonen. Det var stor etterspurnad etter sildetønner i den internasjonale marknaden. Dei som frå før kunne dette handverket, tok seg arbeid på fabrikkane fordi dei nye maskinene gjorde produksjonen lettare. Ein kunne lage fleire tønner om dagen enn om ein sat heime utan maskiner.

I 1917 arbeidde 100 personar som bøkrarar i Bygstad, men bøkringa heldt fram på gardane òg.

Inn fjorden og langs dei smale vegane kom all slags båtar og fartøy for å lesse og losse stav, band og tønner.

Alle som ville kunne få arbeid, både steinarbeidarar, smedar, slaktarar, blekklagarar, urmakarar, bakarar, handelsbetjentar og fiskarar. Arbeidarane tente godt. I ein periode i 1916 vart det betalt opp til 12-13 kroner per heiltønne. Eit slikt Klondyke førte til at «Alle mand tænkte paa Tønder». Før krigen var det mange gardbrukarar som hadde sete i små kår og med mykje gjeld. På desse få åra greidde mange å betale skulda si og legge seg opp pengar.

Norske penneskaft til Kong Haakon

Kristian og broren Bertil Eikås starta opp med produksjon av pennalhus i barnomsheimen på Teigen på Eikås i 1927. Kristian var lærar i Sandal skule og hadde undra seg over at elevane fekk tyskproduserte pennal. Han tok opp spørsmålet i brev til Utanriksdepartementet, og fekk til svar at det ikkje fanst norske alternativ. Dei to brørne konstruerte maskiner og sette i gong. Første året produserte dei 3000 pennal. Bertil stod for produksjonen, medan Kristian dekorerte både pennal og penneskaft.

Brørne Eikås tok patent på pennalet «Sjølhjelpa», som vart allemannseige. Loket kunne nyttast som linjal og der var det stempla inn eit skjema med mål -og vekteinngar.

Då Kong Haakon VII vitja Vestlandske



Bondestemna i Bergen i 1933, deltok brørne Eikås i utstillinga med pennal og penneskaft. Disponent Smith Sivertsen overrekte kongen to penneskaft, og forklarte at det er dei første penneskafta som er laga i Norge.

I 1936 var heile produksjonen etablert i eige hus i Flugelona, der ei stor sperrestove vart sett opp som fabrikklokale. Maskinene nytta olje som drivkraft. Seinare fekk dei straum frå kraftverket i eit kvernfall som garden Fluge hadde i Jølstra.

I fabrikk vart det først og fremst produsert pennal og penneskaft. Grossistar i Oslo og Bergen formidla sal over heile lan-

det. Produksjonen var opp i 50.000 pennal og 200.000 penneskaft om året, med heile tolv tilsette i fabrikk på det meste.

Anna produksjon var kastepiler, linjal, og mange millionar leppestifhylser.

Stort mylder, mange nisjer

Dørfabrikk, stolffabrikk, skifabrikk. Ullvare, farger og vevstover. Bakeri og meieri. Sager og høvleri. Eit mylder av små verksemdar fann sine nisjer og si form i grender og bygdelag gjennom denne første halvdel av 1900-talet. Sidan førte ei meir moderne industrialisering til at sambandet til husflid, handverk og mangesysleri losna og vart svakare.

No aukar interessa for dei tradisjonelle handverka igjen, men mange av dei er «raudlista». Sogn og Fjordane husflidslagslag arbeider for å ivareta teknikkar som står i fare for å verte gløymde i lokalmiljøet, slik at nye generasjonar kan lære dei på nytt.

Les meir om bøkring og andre handverk: Sogn og Fjordane husflidslagslag: Raudlista handverksteknikkar.



Tusen teikningar på tretti år

Ei engelsk dame med smale skjørt og høghæla sko spring opp og ned i stigane på byggeplassane. Kom du gåande over Langebrua mot fjellet ein gong tidleg på sekstitalet var det arkitekt Connie Henden sitt forsøk på å gjere Førde til by som møtte deg.

Ti store forretningsbygg på sørsida av Jølstra var mellom dei tusen teikningane dottera Margrethe Solbakken rulla saman då mora døydde i 1985. -Eg rulla tretti teikningar annankvar dag og heldt på i to månader. Det skulle bli nesten tusen teikningar frå ein arkitektkarriere på 35 år.

Engelske Connie Henden jobba to år hos arkitektane Tryti i Bergen før ho slo seg ned i Førde i 1947. Den gongen budde det under tre hundre menneske i bygda, i 1950 var det atten tettstader i Sogn og Fjordane som var større enn Førde.

I 1965 blei Førde prøvesenter for regional utvikling, og sentrumsutbygginga skjedde i eit voldsomt tempo. I tillegg ville alle ha Connie-hus i bu i.

Somme er blitt ombygde med tida, men mange er lette å spora tilbake til opphavskvinnna. Har ein lært Connie-stilen å kjenna, ser ein husa hennar vegalangs svært mange stader i fylket. På 50- og 60-talet teikna ho bustadhus med to etasjar og loft. Dei er attkjennande blant anna på proporsjonane og måten vindauga er plasserte på. Dei seinare husa hennar er gjerne lågare og lengre.

-Eg har stor respekt for arbeida til Connie Henden, seier tidlegare reguleringsarkitekt i Førde Kjartan Myklebust. -Ho teikna tidstypiske bygg med eit klart formspråk og utvikla sin eigen stil. Bygga hennar var nøkterne, dei var sikre i forma og hadde fine proporsjonar. Eg synest Firda Billag sitt bygg er særleg fint.

Administrasjonsbygget og verkstadhallane mot Storehagen vart oppført i 1962-63. Dei har ein klar historisk verdi som representantar for den store utbygginga i Førde i dette tiåret. Verkstadhallane er låge, har vindauga mot gata og dannar eit hyggeleg gatemiljø. Administrasjonsbygget er truleg det best bevarte og autentiske bygget etter Connie Henden. Bygget ligg i dag med omsynssone i kommuneplanen.

Les meir: Røyrane, Eva: Alle ville ha Connie-hus. Bergens Tidende, 16.04.2004.



Førde veks seg vakker

PIKANT

Restaurantbygget Pikant ligg ved elvebreidda på sørsida av Jølstra. Bygningen stod ferdig i 2002 og er teikna av arkitekt Jan Ludvig Hundvebakke. Pikant er sett saman av mange former, materialar og fargar. Under den store blodbøken, ved sidan av det gamle Kristiansen-huset, skaper den eit organisk samband til nye tider. Det dristige og tiltrekkande bygget fekk Førde kommune sin byggeskikkpris i 2009.

FØRDE RÅDHUS

Bygningen med kommunale kontor ligg også på sørsida av Jølstra i enden av Langebrua og stod ferdig i 2013. Sentrale arkitektar var Arild Wåge og sonen Magnus Wåge i Mestres Wåge Architects. Ambisjonen var å lage eit signalbygg for byen. Dei høge søylene inn til gardsplassen gjev rådhuset eit monumentalt preg. På gardsplassen kan besøkande møtast, slå av ein prat og kvile seg på kunstverket «Den blå kilen» av Michael O'Donnel. Altanen gjev utsyn over heile sentrum, elva og parken.

SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM

Eit nybygg for den moderne kunsten i fylket stod ferdig i 2012. Arkitektkontoret C.F Møller teikna eit metaforisk museumsbygg som gir assosiasjonar til ei krystallinsk, sprukken isblokk. Fasaden er i frosta glas med opplyste lys-striper mellom. Den opp-sprukne fasaden kjem att i interiøret. Trappa mellom etasjane er måla i ein kjølig blå farge ikkje ulik den ein kan sjå i botnen av ein bresprekk. Kunstmuseet fekk Førde kommune sin byggeskikkpris i 2014.

Les meir: Nesje, Kolbjørn Nybø: Husa våre – arkitekturarven i Sogn og Fjordane.

HANDLINGSPLAN

Kommunane kan med heimel i plan- og bygningslova sette av særskilde kulturminnemiljø og bygningar – omsynssoner – i kommuneplanen sin arealdel og i reguleringsplanar. Målet med omsynssone er å sikre viktige kulturminne. For å kunne gjere tiltak eller utarbeide reguleringsplanar som femner om omsynssona, må det gjerast ei eiga fagkunnig vurdering. I arbeidet med å etablere omsynssoner i Sunnfjord har ein vurdert eksisterande kulturmiljø og bygningar i tettstadane ved å la tre målsettingar vere retningsgjevande:

- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer alle tidsperiodane i tettstadane si utvikling.
- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike sosiale grupperingar i tettstadane.
- Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike næringar i tettstadane.

Les meir om omsynssoner i Førde: Kulturminneplan for Førde kommune 2018-2030.



Kunsten kom til bygda og vart verande

Det var ein gong ein keramikar.

Han budde i Vevring og heitte Svein. Ein varm sommardag skulle han ta bussen heim frå Balestrand. I baksetet sat ei jente med langt, mørkt hår og eit fortryllande smil. Ho kom frå Rochester, New York og heitte Sarah.

Kanskje byrjar historia om Vevringsutstillinga her.

Historia er like eventyrleg som ho er sann.

Sarah fylgde Svein til Vevring. Der møtte ho bror hans, Agnar. Sarah og Agnar. Agnar og Sarah. Slik måtte det bli. Her fortel Sarah Thingnes, om opptakten til det som skulle bli ei internasjonalt anerkjend utstilling for samtidskunst med over tre hundre kunstnarar frå heile verda gjennom dei neste førti åra. Sjølv var ho ein av initiativtakarane til utstillinga:

-Eg hadde aldri tenkt på Norge som førsteval. Det var veldig tilfeldig. Kjærleiken bestemmer alt. Eg hugsar den første sommaren eg var her. Kvit fisk, på kvite

tallerkar, kvite poteter og kanskje kvit mjølkesuppe til dessert. Alt var kvitt. Vi dyrka grønnsaker, bror min sendte frø frå USA: Salat og sukkererter. Det vart som ein edens hage her!

Det som tiltrekte meg med folket her ute i Vevring var: Dei kunne alt! Dei laga alt sjølv og det var så vakkert. Og dei kunne veve og spinne, og alle slike ting.

Eg hugsar ei dansk kvinne som kom ein gong, ho sa: No vil eg lage ein vev her! Folk kom innom og såg kvar dag korleis

det arta seg. Så kalla ho det Vevring-teppet, eg hugsar vi hengde det ut i eit tre.

-Vi skal ha utstilling i Oslo, Trondheim og København. Eg vil stille ut veven der, sa ho. Seinare inviterte ho meg til utstillingsopninga.

-Men her var vatnet frose, minste guten min var sjuk, vi hadde ingen til å mjølke kyrne for oss. Eg kunne ikkje reise til Oslo. Eg hugsar eg syntest det var frykteleg, eg hadde så lyst å dra. Men vi fekk kontakt med ei ung jente i Florø, ho kunne reise

med det teppet for oss. Vi forklarte henne at no må du seie at dei må komme til oss ute i Vevring. Så neste sommar kom dei, endå fleire! Dei kom verkeleg!

Då sjukehuset i Førde var ferdig, fekk eg høyre at dei hadde eit budsjett dei skulle bruke til kunst. Eg snakka med dei, og dei ville at vi skulle ha utstillinga vår i Førde, men eg sa nei, vi skal ha det i Vevring! Sjukehuset kjøpte frå alle kunstnarane. Vi selde for over 100.000! Ei stund følte vi at sjukehuset i Førde var galleriet vårt.

Når det først var så vellukka, og så gav det også ringverknader i samfunnet vårt. Had-

de vi ikkje laga utstillinga, så er det ikkje sikkert vi hadde hatt barnehagen i dag.

Fordi det var så suksessrikt, så måtte vi tenkje på neste år. Og opplegget er det same den dag i dag, sjølv om vi har trekt oss ut: Kunstnaren må vere til stades, det er berre ei helg og vi jobbar heile året for den helga.

Slik fortalde Sarah Thingnes om Vevringutstillinga i samband med Teater Vestland si framsyning «Eg er i går» i 2018.

Utstillinga fekk Sunnfjord kommune sin første kulturpris i 2020.

HANDLINGSPLAN

Sikre skilting av alle kulturminneløypene som er med i planen, samt formgje og trykke brosjyrer med informasjon og vegvisarar. Kulturminneløypene i Naustdal omfattar både skulpturmiljøet i Vevring og skulpturparken på Sanden.



Kloden, båtane og det sildrande vatnet

Britt Smelvær, biletkunstnar, stilte ut i Vevring til 20-års jubileet for utstillinga i 1999. Ho sette saman Prismatoiden eller "Kula" som den heiter på folkemunne. Ungane på Myra og ungene på skulen var med og bar henne på plass.

Med hjälp av ivriga barnhänder svävade globen ner över ängarna, vidare upp mot kyrkbacken där den placerades, synlig för alla. Symboliken var så stark at jag blev aldeles tårögd. (...) Föreställningen skulle utan vidare få den mest nattsvarta pessimist till att jubla av lycka og framtidstro. Uno Karlsson i boka «Vevring og kunsten».

Skulpturmiljøet i Vevring består elles av kunstverk som er signerte Claes Hake og Bård Breivik.

Les meir: Vedlegg 2 til kulturminneplan for Naustdal: Kulturminne i Vevring.

Kyra, budeia og rosene på Sanden

På friluftsområdet Sanden i Naustdal er det sett opp to unike skulpturar av kunstnarar med tilknytning til Naustdal, «Budeia» av Kjartan Slettemak, «Kyra» av Oddvar Torsheim og Kjartan-rosene som står rett ved sidan av budeia.

Skulpturen «Budeia» er originalt laga av ein snudd blomevase, ei vinylplate, ein kleshengar og eit plasthovud. Egil Sunde og Sunnfjord Industri på Byrkjeflot produserte skulpturen i nært samarbeid med kunstnaren.

«Kyra» er også produsert av Sunnfjord Industri etter ein modell som kunstnaren Geir Hjetland utvikla.

Modellen er laga utifrå biletet «Nedkomsten» som Oddvar Torsheim måla i 1972 då prinsesse Märtha Louise vart fødd.

Les meir: Vedlegg 1 til kulturminneplan for Naustdal: Kulturminneløype rundt Naustdal.

Store kunstnarar med god humor



ODDVAR TORSHEIM (1938–)

Oddvar Torsheim vart fødd på Rovde, men vaks opp i Naustdal. Han er både biletkunstnar, grafikar, lyrikar og musikal. I kunsten rører Torsheim seg mellom det absurde og komiske i eit figurativt formspråk som står nær popkunsten. Han nyttar observasjonane frå kvardagslivet som resonansbotn, og karakterane hans spring ofte ut av det vestnorske landskapet. Bileta kan er oftast fleirtydige, men humoren er grunntonen i alt Torsheim har skapt.

LUDVIG EIKAAS (1920–2010)

Ludvig Eikaas vaks opp på Jølster og budde seinare i Oslo. I 1946 til 1947 studerte han ved Statens Kunstakademi, der han seinare vart professor og rektor. Eikaas verka både som målar, grafikar og skulptør. I tresnitta har han ofte overraskande, humoristiske vinklingar. I byrjinga av 1990-åra gav Eikaas mange av arbeida sine til heimkommunen. Det gamle meieriet på Ålhus vart bygd om til eit moderne kunstgalleri for å ta i mot gáva. Eikaasgalleriet vart opna i 1994, det inneheld òg eit atelier.



KJARTAN SLETTEMARK (1932–2008)

Kjartan Slettemark vaks opp i Instedalen Naustdal. Han studerte ved Statens kunstakademi, men tok etter kvart avstand frå den akademiske undervisninga og drog i staden til Stockholm saman med den svenske kunstnaren Inga Bagge som kom til å bety mykje for den kunstnarlege frigjeringsa hans. Kjartan Slettemark var eitt med kunsten han skapte – anten det var ein happening eller performance, kostymer, masker eller objekt han omskapte. I kunstnarskapen la han vekt på kjensler, fantasi og retten til fri utfolding.



Saman under sola i Sunnfjord

-Kunst og kultur er ikkje toppen av kransekaka. Det er fundamentet for heile vår sivilisasjon.

Førde internasjonale folkemusikkfestival vart arrangert første gongen i 1990. Hilde Bjørkum var dagleg leiar i halv stilling for det som skulle vekse og bli Skandinavias største festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk. Fram til ho gjekk av som direktør i 2018 sette ho påstanden om kulturen si viktige rolle ut i praksis på ein slik måte at sitatet står att etter henne som ei innsikt vi har fått sjansen til å forstå.

Kvart år kjem hundrevis av artistar frå heile verda til byen og bygdene våre. Vi får oppleve musikk frå alle verdshjørne i alle hjørne av Sunnfjord. Nærare hundre arrangement og over tjuen tusen gjester er fasiten etter fire hektiske festival-dagar. Landet mellom elvane gir festivalen ei einestående innramming.

Førdefestivalen vert omtalt både i nasjonal og internasjonal presse, og har vore rangert som ein Europas beste festivalar av *The Guardian* og *National Geographic*.

-Førdefestivalen er eit kulturelt diplomati, sa statssekretær Bjørgulv Borgundvaag i opningstalen sin i 2015. -Flamenco and Kathak. Two dances. One soul, forklarte den indiske kathak-danserinna Mahua Shankar til publikum, då ho gjekk på scena etter at statssekretæren hadde sagt sitt. Så vende ho seg mot spanske Pilar Astola og gjekk i pardans med hennar energiske flamenco.

Språk, musikk, dans, skikkar, handverk, ritual og kunnskapar knytt til å vere i naturen er døme på det vi kallar immateriell

kulturarv. For mange folkegrupper er denne arven ei kjelde til identitet og forankring i historia, lært oss og fortalt oss gjennom generasjonane, gjennom tidene. Førdefestivalen syner at det finst eit samband, ein slektskap og ein fellesskap på tvers av land og kulturarar gjennom å syne fram kulturarven og halde den levande

Saman på tvers, både av rom og av tid. Slik er det å vere på Førdefestivalen, under sola. Som er den same, same kvar i verda du kjem i frå.

STEIN

Mannen kan siga,
men Merket det maa
i Noreg si Jord
som paa Stiklestad staa.

Og det er det stora,
og det er det glupa,
at Merket det stend,
um Mannen han stupa.

Frå diktet «Tord Foleson» av Per Sivle



Merke i stein

*Vatnet renn og tida går,
men steinane står att og kan fortelje.*



HANDLINGSPLAN

Kommunen ser eit stort potensiale i å kople og løfte fram kulturarv og -minne, kunst/ skulpturar og naturvernområde og tilføre nye element langs eksisterande og nye turstiar. På denne måten vil ein legge til rette for oppleving og formidling av kulturarv og kunst, friluftsliv og fysisk aktivitet. Kommunen vil difor prioritere utvikling av kulturminneløyper i heile kommunen.

Les meir om kulturminne i stein i kulturminneplanane for Jølster, Naustdal, Førde og Gaular.

Geologisk høyrer storparten av Sunnfjord kommune til gneisregionen. Gneis er kjenneteikna av lyse band, striper og linser som kjem frå mineral som feltspat og kvarts, men òg av mørke band som kjem frå glimmermineral og ligg side om side med dei lyse.

Med slike steinar vert murane vakre, og vakre murar har vi mange av.

Om murar av naturstein brukar vi omgrepet tørrmur. Steinen vert ikkje lagt i noko form for mørtel, men vert plassert slik at muren får stabilitet og styrke. Grunnprinsippet handlar om vektfordeling. Dei gamle murarane sa gjerne «legg éin stein på to, og to på éin», og ein kalla det å leggja steinane i «band». På den måten utnytta ein tyngdekrafta slik at alle steinane i muren er påverka av og blir haldne fast av kvarandre.

Ein tørrmur kan ha berande funksjon, slik vi ser i gamle grunnmurar til fjøs og hus. Han kan vera støttande og halde jordmassar tilbake som i ein bakkemur, eller han kan gje livd og vern, som i le-murar og steingardar. I Sunnfjord ser vi døme på korleis tørrmura konstruksjonar kan ha eit uendeleg vidt bruksspekter, både i bygningar og i landskapsformande element som elvemurar, kisteveiter, vegar, trapper, hellebruer og kvelvingsbruer. I dette kapittelet skal vi sjå nærare på nokre døme som er knytte til handlingsplanen for kulturminnearbeidet i kommunen.

Men dei vakre steinane har ikkje berre vore brukte til praktiske føremål:

Eg var ei tid leiar i leselaget og såg til med innkjøpet av bøkene ein lang tidfolk. Eg hugsar tidene då bøndene tenkte sjølve og var usamde med eksistensialismen spørfrå i verda: at livet skulle vera fåfengt, slik som når en mann velter ein stein opp til fjells, berre for at steinen skal rulla ned att så manngen må byrja å rulla han opp på ny. Dette er rein vitløyse, sa han Gisle på Løkjum. Såleis kunne det ikkje vera, berre. Menneskenatura var snarare slik at ein velte steinen opp på fjellet og lødde mindre steinar rundt han, slik at det vart ein staseleg varde. Mennesket ville gjera minnesmerke over arbeidet sitt.

Frå romanen «Svar på brev frå Helga» av Bergsveinn Birgisson.

Minnesteinar, bautasteinar, stabbesteinar og rodesteinar. Vardar, fallosar og gravrøyser. Til alle tider har vi sett merke i stein. For å hugse og finne att, for å leve og dø.

Vatnet renn og tida går, men steinane står att og kan fortelje.

Brubbyggjarar i elveland

Dag og natt rann vatnet frå breen og fjellet. Dag og natt høyrdest lyden av vatnet som rann.

Vatnet kom frå isen på viddene, snøen i dalane, regnet over bøane. Vatnet fann vegar, breie og buldrande, smale og sildrande. Sunnfjordingen slo fylgje med vatnet. Slo seg ned langs elvebankane. Slo rot med røter som strekte seg mot det rennande vatnet og gav det namn:

Gaula. Nausta. Anga. Jølstra.

Vassvegane var óg ei stengsle. Kjende dei elva med steinane blanke under vassflata? Om elva var smal og sildrande, gjekk dei frå stein til stein over til hi sida. Var ho brei og buldrande la dei stein på stein og vart brubbyggjarar.

Stein til stein

Elva er den same gamle eg har sett ho slik så ofte før
ho pustar som før
ho rører seg som før
og eg går over henne
frå stein til stein

Jon Fosse



Steinkvelvingsbrua i Svidalen

Å byggje med stein i kvelv var i Noreg kjent frå mellomalderen, men det var først på 1600 talet at metoden blei teken i bruk i brubbygging. Steinkvelvingsbrua på Den Trondhjemske postveg i Svidalen, var ei tørrmura bru som synt handverket på sitt beste. I brua frå kring 1820 var alle steinane lagde inn i kvelvinga i si fulle breidde, og brua var ei av dei best bevarte kvelvingsbruene langs postvegen. Postvegen frå Vassenden over Svidal bru til Ålhus vart bygd i 1840-åra, men det var ikkje før i 1858 at vegen var ferdig heilt til Skei. I flaumen i 2019 vart brua rasert og eit viktig kulturminne gjekk tapt.

HANDLINGSPLAN

Steinkvelvingsbrua i Svidalen er eit unikt kulturminne i sitt slag i Sunnfjord kommune. Kommunen er grunneigar på baa sider av elva og vil bidra til finansieringa og arbeidet med å restaurere steinkvelvingsbrua i samarbeid med grunneigarar, grendelag, nærmiljøråd og andre interessantar.


Bærelva bru i Naustdal

Bærelva bru er ei kvelvingsbru som er bygd etter teikning datert 31. august 1912 og stillasteikningar av 26. november 1912 ved overingeniør Svein Vaage. År 1913 stod brua ferdig med ei lysvidde på 8,00 meter med ei kvelvingshøgde på 1,6 meter. Henrik Ola Jakobsson Røyset f. 1868 – d. 1924 leia byggearbeidet. Steinen som er nytta i bygginga av denne brua er henta frå steinbrotet ved hammaren der huset til avdøde Sigvald Hjelle, no Gunnvor Hjelle Eilertsen er, og var såleis ein lokal naturressurs.



HANDLINGSPLAN

Det vert lagt ei omsynssone for området rundt den gamle Bærelvbrua som ivaretek grøn struktur på begge sider av elva og «karemnene» til den gamle Bærelvbrua. Det er påvist eit automatisk freda kulturminne i form av eit dyrkingsfelt i området.



Gå langs garden til ei anna tid

*Køyrer du forbi Bringeland, gjer du gjerne det. Køyrer forbi.
Eller svingar av, til flyplassen.
Hald fram til neste avkøyrslø, neste gong.
Gå forsiktig over riksvegen og finn råsa langs steingarden
mot elva. I ei lysing under gamle tre ligg ein skjult skatt
mellom kulturminna i Sunnfjord.
Vesle, vakre Hjelmeland meieri.*



Steingarden er laga slik at du skal gå mot døra i steinhuset. Der inne ventar ei anna tid. Separator, smørkinne, vasstamp, børtre og anna naudsynt utstyr står slik det gjorde før. Her er eige rom med seng, bord og stol til meierska, vegg i vegg med rommet ho brukte som kontor. Solstrimer fell over støvlaget på reinhaldsprotokollen, men om du let att augo:

Høyrer du skrålet og praten, kjenner du lukta av nykøkt prim og smaken av salt, godt smør?

I den eldre Gaularsoga kan vi lese om korleis oppsitjarane på Aase, Hjelmeland og Bringeland var samla til eit møte den 23. mars 1898. Her vart det samrøystes vedteke å skipe eit aksjemeieri, men først nokre år seinare bygde dei eigen meieribygning på husmannsplassen til Gjert Hjelmeland. Bygningen er mura med stein frå området og er 8,5 m lang og 5,5 m brei.

Den første meierska som vart tilsett heitte Marta Eide. Ho tente 20 kroner i månaden. Marta

var den fyrste av i alt 26 meiersker i dei 55 åra meieriet var i drift.

«At det var så mange meiersker på så kort tid kom seg for det meste av at dei var svært ettertrakta som bondekoner» skriv Oddvar Hjelmeland i kapittelet om meierisoga.

Bøndene hjelpte til med vassbering, veging, separering og kinning. Dei som budde på gardane som låg nær einannan slo seg gjerne saman i køyrelag. Slik veksle leverandørane i køyrelaget om å hente mjølka på gardane og køyre mjølka til meieriet.


Nytt meieri i Bygstad kom i drift i 1952. Det vart då bygd mjølkerampar ved vegen der mjølkespanna vart henta om morgonen og køyrde til Bygstad og tilbake om ettermiddagen. Mjølkerampane var mange stader ein samlingsstad og kulturelt treffpunkt. I Eldalsdalen har Grendalaget sytt for at nokre av mjølkerampane i bygda er restaurerte og står som viktige kulturminne langs Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.

Bygdemeieria vart etablerte kring førre århundreskiftet og det var mange av dei. Jølster hadde flest, med heile 24 meieri på det meste. Hovudproduksjonen var smør, men somme hadde også ysteri. For å få produkta ut i marknaden, måtte ein komme seg til fjorden. Transporten gjekk med hest og kjerre, til Førde eller Sandane. Det eldste av meieria som framleis står att, ligg på Vassenden, like ved E-39 rett nedanfor sentrum. Bygget treng tilsyn og vedlikehald.

HANDLINGSPLAN

Bygningen framstår slik den vart mura opp i 1904. Det er i dei seinaste åra komme eit hol i taket slik at det regnar rett inn. Eine veggen på sørsida bugnar noko innover. Golvet er òg sprukke ein del opp. Første tiltak bør vere å få utarbeidd ein restaureringsplan av ein faginstans.

Ei målsetting må vere å restaurere bygningen og produksjonsutstyret slik at anlegget kan framstå som eit meierimuseum med tilhøyrande historie. Tine, Sunnfjord Kommune, grunneigar av arealet kring bygningen, bygdefolk og andre interesserte kan organsiere eit samarbeid om tiltaket.



Steinen

Vi bygde Sunnfjord i stein og gav stadane namn. Ein stad vart heitande Steinen. Steinen med stor S. Steinen over alle steinar. Historia om Steinen gjev god grunn for det sjølvhevdande namnevalet.

Alle historier må byrje ein stad i ei tid for at vi skal kunne hugse og fortelje. Lat oss seie at historia om Steinen byrjar i 1870. Mykje hende før den tid, men då vart det bygd Dampskipskai på Steinen. For så vidt kunne vi seie at historia om Steinen byrja alt i 1858. Då vart Fylkesbaatane stifta i tingstova i Sjøahola. Difor vart det tolv år seinare bygd kai og ein fekk fast båtsamband for folk og varer mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Overgangen frå vêravhengig jektefart til motorisert rutebåt var stor og sørga for stabil transport via sjøvegen.

Kanskje startar historia om utviklinga på Steinen endå tidlegare? I 1849 fekk Anders A. Olsen feste på Steinen og bygde seg hus der. Han tok namnet Steen etter Steinen. I dei første ti åra med båt-trafikk til Førde måtte dei ankre opp der ute og føre varer inn til Førde med mindre båtar. Anders bygde dampskips-ekspedisjonen i 1865. Sonen Ola A. Steen tok over etter faren og bygde ny kai, stort pakkhus og dreiv både trelasthandel og landhandel. Ola fekk to søner som delte verksemda mellom seg. Anton tok

over ekspedisjonen og dreiv i tillegg krambu, hestestall, brevhus, kafè, overnatting, kassefabrikk, rikstelefonstasjon og persontransport. Emil starta tønnefabrikk og eigde båtar til fiske og fraktestart.

Utover første halvdel av 1900-talet vart Steinen Førde sitt første industriområde med Emil Steen sin tønnefabrikk, Mathias Leivestad sin ullvarefabrikk og Karl Opseth sin sementvarefabrikk.

Karl Opseth var ein samfunnsengasjert anleggsarbeidar som såg behovet for betongvarer og mulegheitene som fanst i sandressursane i Førde. I februar 2020 kunne Førde sementvare feire 90-års jubileum, som ei av dei eldste bedriftene i Førde. Betongvarene viser godt att i utviklinga av Sunnfjord, både i vegar og bygningar. Fabrikkene er framleis i familien Opseth si eige og har kring 75 tilsette i anlegget sitt ved fjorden.

Slik kan historia om Steinen halde fram.

INDUSTRIEVENTYRET PÅ ØYRANE

På eit 86 dekar stort industriområde på Øyrane vart Ankerløyken Verft bygd i 1971. Det var eigaren og grunnleggjaren av Ankerløyken, Ole E. Aaserud, som sjølv tok initiativet til bygging av verftet i Førde. Har vart det bygd både heile skip og forskip, som etter sjøsetting vart sveisa saman med akterskipet, bygd ved avdelinga i Florø. På det meste hadde Førdeverftet i denne tida 400 tilsette, fram til selskapet gjekk konkurs i 1985.

Les meir: *Kvamen, Brit Olin: Vekstsenteret i Førde.*

HANDLINGSPLAN

Området vert lagt inn i omsynsone inkludert eigedomen til familien Steen.

Det er særleg stor næringshistorisk verdi som kjenneteiknar Steinen, men også ein viss historisk verdi knytt opp til enkeltpersonar som sto for utbygginga. Vi finn òg spor etter krigsminne her i form av ein liten tunnell sprengt inn i fjellet. Sjøbu og vedhus på Steinen er markert med klasse A i Plan for vern av kulturminne i Førde kommune (1994).

JORD



Til eit Astrup-bilete

Kan henda drøymde dei um dette her
å møtast på ein klote, på ein stad
der hegg og apal stend i syreblad
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær
og så ein innvigd åker rad for rad
med urter bak ein steingard som dei la
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.
Og vårnatti er ljøs av draum og gror.
Dei legg kje merke til at ein kjem stilt

i snjoskardet og stig på vatnet no.
Men då dei natta, såg dei månen vod
i gullserk ute der så unders mildt.

Olav H. Hauge

Dei er i riket sitt og sår si jord

Åkrane kring tuna var mange og små, men dalane og viddene i fjellet var endelause. Vi kunne dyrke korn og halde husdyr. Alt vi trong fanst i landet mellom elvane. Spora etter levemåtane i det gamle jordbruks-samfunnet finst framleis i kulturlandskapet.

Kulturlandskapa våre er skapt gjennom måtane vi har brukt naturen for å kunne produsere mat. I hundreåra før oss gjekk åkerbruket hand i hand med husdyrhaldet. Havre var det dominerande kornslaget, men bygg og rug vart òg dyrka. Nokre åkrar var betre enn andre. Ordninga var slik at kvart bruk skulle ha sin del av den gode jorda og ta sin del av den dårlege. Teigane var som lappetepper. Åkrane fekk sjeldan kvile og trong gjødsel frå husdyra. Straks kulden slapp taket og vårløysinga kledde bakkane grøne, kunne sauer, kyr og geiter sleppast ut på beite. Bøndene

slo fylgje med buskopen langs snøkanta-
ne som kraup mot høgjellet. Dei bygde
vårfjøsar og støylsfjøsar, utløer og sel.
Om sommaren var det tid for å tenkje på
vinteren. Føret vart hausta der det fanst.
På myra, i skogen og i slåttemarka.

Slåttemyr, slåttekvier, slåtteeng. Beite-
bakkar, beitemark og hagemark. Styva
selje, styva rogn og furuland. Bjørkehagar,
einehagar, hasselhagar, gråorhagar.

Husdyrhald med beiting, slått og lauving
har skapt eit rikt tilfang av kulturlandskaps-

typar kring om i Sunnfjord. Med mindre
beiting og nye driftsformer i jordbruket står
dei i fare for å forsvinne. Utløer, gardflorar
og støyalar med sel og fjøsar finst fordi
gardane vart drivne på denne måten i
tidlegare tider. Både landskapstypene og
støyalsmiljøa er verdifulle kulturminne.

Vatnet renn og tida går. Alltid lyt vi så vår
jord og hauste det som gror. I kulturland-
skapa finst kunnskap om korleis det kan
gjerast på måtar som jorda vår tåler. Den
kunnskapen treng både vi og dei som kjem
etter oss.



Tolv hus i tunet

Heilt sidan vi vart bufaste for fem tusen år sidan, har landbruk vore den viktigaste næringa i Sunnfjord. Etter Svartedauden samla vi oss i Klyngetun. Slik vart middelalderen ein gullalder for mangesysleriet.

Dei teigdelte bruka var drivne i pakt med Magnus Lagabøtes landslov frå 1274. Gardane var organiserte som fellestun med like store jordteigar til kvar bonde. Både lova og landskapet peika mot ei tun-løysing der husa låg på same stad, tett i hop.

Sperrestove, kårstove og bualoft. Eldhus, bakstehus og smie. Vedahus, lisjehus og stabbur. Kyraflor, sauefjøs og stall.

Ofte endå nokre til. Folk levde av og med naturen, husdyra og kvarandre gjennom årstidene slik dei var. Oppgåvene var mange og varierte. Slik utvikla dei små samfunna seg til eit myldrande mangesysleri der vi var sjølvhjelpete og sjølvberga gjennom handverk, matstell og all slags arbeid, ute og inne.

Vendt mot Jølstravatnet i Sandalen, ligg tolv hus framleis slik dei gjorde i denne tida. I Midttunet

vart bygningane sette opp gjennom ein periode på 200 år, frå tidleg på 1600 talet til kring 1850. Å gå mellom husa og gløtte på dørene er som å sette døra på gløtt til den tida folk budde og levde her. Sjølv om plasseringa av husa kan sjå tilfeldig ut, er det motsette tilfelle. Fjøsen står fram på bakkekanten, med gjødselsig til jorda nedanfor. Ved sida av fjøsen står løa med lager for høy og korn. Stallen står ved sidan av løa og ved enden av løa har dei mura ein sauefjøs. Ovanfor husa til dyra står husa til folket på garden. Ei kårstova, eit loft, ei sperrestove og ei eldstove. Eit stykke bortanfor står smia og ei kjellarløe.

Midttunet vart freda i 1974. Etter at tunet gjekk ut av privat eige, vart det teke over av Jølster Heimyrkjelag, og seinare har Jølster kommune teke over eigedomsansvaret. Tunet vart stengt for publikum i 1987.

HANDLINGSPLAN

Utfordringane kring tilkomst og parkering i Midttunet må løysast for at tunet skal bli tilgjengeleg for publikum. Midttunet er eit verdifullt kulturminne der det hastar å komme i gong med naudsynt vedlikehald. Sunnfjord kommune vil utgreie alternative løysingar for eigedomstilhøve og drift av tunet framover.

Eit vakkert og velhalde tun ved Hestadfjorden



Lange tradisjonar er framleis levande på Nedrestrand.

Nedrestrand er rekna som ein vikingtidsgard. I Bergen Kalvskinn står det at Hestadkirken åtte garden Strand. Nedrestrand låg aude etter svartedauden og fekk ny brukar i 1563.

Stabburet med to høgder, har inskripsjonen 1592 i øvste høgda. Nedste delen er frå 1600 talet. Det finns også eldhus med smie, snikkarloft, veslehus, skykkje, naust og restar etter gardflor. Vest for floren sto kvernhus, stavsag, korntørke og stamp. Heilt vest på innmarka vart det bygd

oppgangssag (seinare sirkelsag) og kvernhus. Tunet er uendra dei siste 50 åra. Husa er bygde frå 1850 og utover. Stova som inneheld sperrestove, kleve og bakstaua, vart bygd i 1864. I bakstaua var det omgangsskule fram til krinsen fekk eige skulehus i 1889. Nyehuset,

bygd i 1877, vart brukt som overnattingsstad for gjester og til lager for klede, ull, korn o.l. Floren, bygd i 1867, er 25 m lang og var både hus for dyra og avlinga på garden.

Eilert Sundt budde i tunet i to veker hausten 1865.



Framsynte søstre med små kyr

Lette på foten, beitande på lauv og urter. Hardføre, helsesterke og nøysomme. Svarte, brune, raude, kvite, grå. Skimla, branda, sadla, sida. Vakre og stort sett snille. I kvar einaste fjordarm avla vi fram stadig meir stadeigna kyr.

Her i Sunnfjord var det vestlandske fjordfeet ofte brune, grå og kolla. Medan moderne mjølkproduksjon etter andre verdskrigen famna om den langt større, høgtytande og sentralt framavla norsk raudt fe-kyra, følgde søstrene Ingrid, Sigrid og Jenny på Berg i Jølster faren sitt råd om å halde seg til fjordfeet.

På nitti-talet fanst det berre få dyr att, under hundre, av den veltilpassa rasen herifrå.

-Vi kan takke bønder som systrene Berg for at rasen overlevde, seier Gunhild Drabløs frå Sykkylven. Ho og mannen Nils Drabløs hadde lagt om til økologisk landbruk og ville tilbake til ein rase med slike eigenskapar som fjordfeet har. Nils visste at dei selde livdyr og ringde for å tinge. Men nei. Søstrene hadde ingen dyr for sal, var meldinga. Ikkje lenge etter var Gunhild innom søstrene på vitjing. Å jau, dei hadde kalvar til sals. Men

ingen fekk kjøpe kalv via telefon. Kjøparane måtte godkjennast. -Gunhild kom heim med tre kalvar. Dei vart stammen til flokken vår, seier Nils. Han likar tanken på at kyrne hans er ein del av historia og kulturen på Vestlandet. -Desse flotte dyra, beitande i landskapet der dei høyrer heime, er noko av det vakraste eg veit.

Fjordfeet har eigenskapar som blir stadig viktigare i vårt moderne samfunn, med krav til miljøvenleg og dyrevenleg matproduksjon. Dei tek seg lett fram i ulendt terreng. I tillegg utnyttar dei beitet godt. No ser mange verdien i å halde kyr med slike eigenskapar, det finst over fire tusen fjordfe på landsbasis. Fleire bønder i Sunnfjord har starta opp att med fjordfe, takka vere den vesle, livskraftige besetninga hjå dei framsynte søstrene på Berg.

Vestlandsk raudkoll er ein annan stadeigen rase som stammar frå Sør-Vestlandet. Dei gode jordbrukstilhøva lenger sør, gjorde at raudkolla vart noko større enn fjordfeet. I mellomkrigstida la ein opp til å krysse rasane i avslarbeidet og det vart selt stambokførte avlsokser til fjordfedistriktet nordover på Vestlandet. Slik oppsto det raudkollebesetninger helt nord til Møre på begynnelsen av 1900-tallet.

I dag finn vi framleis raudkoller i fjordfedistriktet og desse er karakteristiske ved at dei er raude og kolla, og like små som fjordfeet. Her i Sunnfjord står det ei flott besetning med raudkoller hjå Iselin og Leif Helge Helle på Helle gard i Naustdal.

Alle dei vakre hestane på Hafstad

Spisshingsten Silverjo er sur i dag. Han har ikkje fått vore på arbeid i skogen på fleire veker. Eigar og oppdrettar Svein Erik Hafstad har gjort seg ilt i ein fot. – Ja, han kom utøve meg skjønar du. Vi rei i fjella her oppe, eg veit ikkje heilt kva som hende, men då eg kom til meg sjølv hadde hesten gått om koll og vart liggande over føtene mine. Det var godt det gjekk bra, legg han til og tenkjer visst mest på hesten.

-Eg har hatt han sidan han var føl, eg kjøpte han oppe i Ørsta. Han er seks år no. Eg kjem aldri til å selje han. Silver, nei? Nei, denne typen hest får du ikkje for pengar. Dei ville gje meg hundre og femti tusen for han, nede i Frankrike. Eg sa nei, smiler den omtykte fjordhest-oppdrettaren.

-Eg likar best å bruke hestane, bruke dei skikkeleg. Sprangriding og slikt, det får andre bale med. Gutane her på garden, dei vil arbeide med traktorar og maskiner, men eg ser ofte at det hadde vore betre å bruke hesten. Som arbeidskamerat er han heilt unik, seier Svein Erik og ser mjukt på hesten sin.

Vakker hingst av meget god type. Pent hode. Velansatt og velformet hals. Velliggende bog. Rund manke. God dybde og bredde. Velformet, godt musklet kryss, kår og underlår. Aktivt, meget godt skritt. Ledig, vegvinnende, meget godt trav. Balansert galopp med god bæring.

Slik var skussmåla Silverjo fekk då han var på statsutstillinga for hingstar på Nordfjordeid sist i 2021. Han vart stilt som nummer 1 av dei eldre hingstane. Svein Erik Hafstad er vand med å stå langt framme og ofte fremst med hestane sine. -Eg hadde beste hoppa på landsutstillinga i Seljord her tidlegare i haust. Eg veit ikkje kor mange hestar eg har stilt, legg han til og slår ut med armene. Svein Erik Hafstad har sin eigen målestokk, den ligg i blodet og i historia. Både far og bestefar var vidgjetne oppdrettarar av fjordhestar. Bestefaren hadde seksten hestar på garden, det er ein rekord han skal få behalde. Å ha bestefaren å sjå opp til er ei drivkraft for hestekaren på Hafstad.

- Eg har vel femten fjordingar her no. Bestefaren min hadde seksten på det meste.

Fjordhesten vart avla fram på Vestlandet og avlsarbeidet i Sunnfjord var vesentleg. Dei første landsutstillingane var arrangerte på Tåene i Førde i 1864, fram til Nordfjordeid tok over som stemneplass i 1897. Statssjå for hingstar på Eid er den viktigaste møteplassen for fjordhest-folket den dag i dag. Det finst kring 6000 fjordingar i Noreg, men det finst og store populasjonar i land som Danmark, Belgia, Frankrike og USA.

Hesten har ein karakteristisk blakk farge i fem variantar. Han er nøysam, arbeidssam og uthaldande: -Hesten stod der og togg rognebork og sengehalm, men sjå berre om han ikkje la på seg, skriv Arthur Klæbo i boka «Fjordhesten».

Fjordhesten eignar seg særst godt både som arbeidshest, terapihest, familiehest og sportshest. Allsidig og med godt lynne er fjordhesten populær og vert sett pris på.

Frå jord til bord i Sunnfjord



Åkerbruk og husdyrhald gav råvarer til sunnfjordingane sitt daglege brød. – Dei kunne ete graut både to og tre gonger for dagen før i tida, fortel Kari Støfringsdal i Fjordamat-tunet.

-Dei gode utmarksbeita frigjorde areal til korn- dyrking heime på bøane og kyrne mjølka godt når dei fekk beite i den grøderike utmarka. Bygg, havre og rug var dei vanlegaste kornsortane, forklarar ho vidare. -Noko stort fruktdistrikt har Sunnfjord aldri vore, men vi hadde rabarbraen og vi var ivrige sankarar. I fjorden, i vatnet, i elva og på fjellet fann vi både fisk og bær. Når poteta kom på slutten av 1700-talet gav den god næring og meir variasjon i den daglege kosten gjennom året.

Kari Støfringsdal har valt ut fire oppskrifter knytt til typiske råvarer og mat-tradisjonar bygdene våre og gir oss ei utfordring: Lær ungane i Sunnfjord å lage og like dette!



«Du veit potetene var basis. Da fekk du alltid, og da stykkje vi hadde var god jord, kornjord, så vi fekk dugelege avlingar med bygg og havre. Og so fekk faderen tak i noko kveite inn på Mo. Dinnje fekk vi te òg. Vi hadde ein bakkje dar da ikkje grodde noko anna enn måse, men kveiten han greidde da! For kveiten han har eit

slekt rotsystem at de trukje da! Den skar seg ned i leira og faderen hadde godt 280 kilo på eitt mål. Og da e jo mykje meire enn dei får bort i statane eller bort i Russland på si dyrking.

Men so va jo ditta viktig for oss, so da vart skikkeleg gjort. So først vart no ditta grundig pløgt, og so vart da sett potete

*Du veit
potetene
var basis.
Da fekk du
alltid...*

i, so da molda godt. Og omtrent allje kyragjødselen og hønsegjødselen da forsvant i kornåkrane. Litt måtte vi ha til grønnsakene, til nepene og kålen. Men potetene dei fekk tallen onde sauene, da e veldig godt potetegjødsel. Hesteskiten, han òg kunne brukast te da, men den brukte vi vel mest på bærtrea.

Hadde du bygg te mjølkekake og slikt, og havre te graut so greidde du deg. Vi trong ikkje noko meir.»

Fortalt av Kjartan Leirpoll i samband med Teater Vestland si fram-syning «Eg er i går» i 2018.

Natronkake, klappe

1 egg
1/2 dl sukker
1 l sur mjølk
2 ts natron
2 ts bakepulver eller hjortesalt
750 g kveitemjøl

1. Visp saman egg og sukker og ha i surmjølka.
2. Bland i natron og hjortesalt og pisk det inn i egg og mjølkeblandinga. Ha i alt mjølet og bland forsiktig med tresleiv. Deiga må ikkje verte seig.
3. Ha mjøl i eit stort fat og legg ei og ei skei med deig i mjølet. Ta mjøl rundt heile deigklumpen før ein tek dei i handa og vender dei nokre gonger. Legg dei på takka eller tørr steikepanne, klapp dei litt utover om dei er for tjukke. Steik ved middels varme. Høver godt til frysing. Server med smør, brunost eller sukker.

Raspekaker

1 kg rå poteter
300 g kokte poteter
100 g sammalt kveite, fin
100 g byggmjøl
om lag 100 g fint kveitemjøl
250 g bacon eller lettsalta fleisk

Mos kokte poteter, riv eller mal rå poteter og bland dei saman. Ha i salt og mjølet og rør deigen godt saman. Form kakene med handa og ei fuktig skei. Om ein ynskjer fleisk i dei lagar ein ei grop og har små bitar med fleisk i kakene. Ha dei i kokande kraft og lat dei koke i om lag 1 time. Raspekakene blir best om dei kokar minst ein time. Salta og eventuelt røykt sauekjøtt eller svi-neknoke er godt til. Restar av pinnekjøtt og ei god grov kjøtpølse er òg godt til raspekakene. Kokt kålrot og gulrot vart servert til.

Rå rabarbrasaft

4 kg rabarbra
4 sitronar, skiver
2 pk. sitronsyre
5 l vatn

Skjær rabarbraen i bitar og legg lagvis med sitronskiver. Dersom det er tjukt skal på sitronen bør ein skelle det gule skalet av med ein gulrotskrellar og ta bort det kvite under skalet og hive det. Så deler ein opp fruktkjøtet i skiver og har det saman med det gule skalet saman med rabarbraen. Dryss på sitronsyre og slå over kaldt vatn. Lat blandinga stå kjølig i 2 døgn. Sil og rør sukker i safta til ho er passe søt, 200 - 300 g sukker pr. liter saft. Frys i høvelege porsjonar.

Kokt rabarbrasaft med ingefær

Lag restesaft av rabarbraen du har brukt til råsaft ved å ha på nytt vatn og ei fersk ingefærrot i tynne skiver til det dekkjer stilkane og kok opp til kokepunktet. Om ein ynskjer meir ingefærsmak kan ein koke den opp i vatnet og la det trekk i 15 minutt før ein har opp i rabarbraen. La stå og ei stund, og sil safta på same måten som den rå safta. Smak til med sukker (ca. 250 g pr. l saft) og rør til sukkeret er oppløyst. Frys i høvelege porsjonar.

Når ein blandar ut safta tek ein 1 del saft, 1 del vatn og 1 del vatn med kolsyre.

Rips-is

2 dl rips
2 dl sukker
2 eggekвите
1 kn.odd salt
3 dl fløyte
1 ts vaniljesukker

Visp rips, sukker, salt og eggekвите til det er stivt ca. 10 minutt. Visp fløyten med vaniljesukker og bland saman. Fyll i porsjonsglas eller form og frys. Skal ikkje rørast i under innfrysing. Ein kan òg lage isen av tytebær eller blanding av solbær og rips, begge desse smakar godt.



Minne frå Kvandalsstølen

Då eg var gut, hugsa eg folk sa: Den separate, utpressa blåmjølka er dårleg. Den er ikkje så god som askemjølka. Folk får lungetæring, og gjerne er det den separate mjølka som er skuld i det. I heimar der born og ungdom drakk denne utpressa mjølka, fekk dei lettare tæring. Men den gode askemjølka som berre rjomen var teken av, den gav betre næring og styrke for gut og jente, og dei vart mindre mottakelege for tæring då.


Ja, kor har ikkje ein ask på stølen med rjomekoll i, gjeve så mange minne.

På eit lite bord i selet stod gjerne denne asken med rjomekoll i. Kanskje var det også duk på bordet. Ein liten bunt med fjellblomar i ein vase, stod også på bordet. Dei kvite trefargar i bord, vegger, nokre stolar og så ein liten benk og i golvet, var å sjå. I taket var det ein ljore. Det var vaska og stelt til helg, og det anga så friskt her inne.

Kom ein gut, ein gjest på stølen laurdagskvelden, så måtte han få rjomekoll. Gjerne var det ein liten ask då. To hornskeier låg også att med asken. Det var ei skei til jenta og ei skei til guten som kom på gjesting. Var nattemørket kome, så hadde ein eit lite talglys til å brenne. Gjerne var det eldskin frå ein liten omn. Så var det for gut og jente å smaka på rjomekolla. Dei småprata, og guten hadde mangt å fortelje frå bygda. Dei såg den fine asken med rjomekoll i. Guten var velkomen på stølen til budeia laurdagskvelden. Og ved ein ask med rjomekoll i, godsnaikka dei så fint og kjærleg.

Rike minne gav livet på stølen for så mange – ein ask var med i minnekrisen her.

Utdrag frå tredje bandet i *Gaularsoga* frå 1968, tekst av Annanias Kårstad.



Eg eig ei minne-bok som tidt meg hugar «Det gamle seterlivet» heiter ho. Når andre bøker er som bleike skuggar, har denne levande bilete no.

Ein bufarsdag med kløv og mat i meisa mot friske fjelluft stundar folk og fe og like ny og dragande er reisa på gamle stigar opp frå gøgards-le

Det bydarborn får vera med på stølen Og livet mellom geit og sau og kyr, Med høge himmel over støselvhølen og søte bær i munn, er eventyr

På stølsvollen spring dei lett på nakne føter. All dagen har dei rom for sorglaus liek. Om kvelden kjem dei rekkjande av krøter som finn sin rette geil, får busaltleik.

Frå «Det gamle seterliv», av Ludvald Stuhaug.

Ein av dei eldste stølane i Bygstad er Kvandalsstølen. Kor gammal han er, veit ein ikkje. Han er gjerne over 400 år gammal. Men denne stølen låg langt til fjells – heilt opp mot Blåfjella i nordvest. Skulle ein gå heile vegen frå Njosen, gjekk det kanskje fire timar før ein var framme.

Både Frostatingslova og Gulatingslova viser at setring var ein vesentleg del av gardsdrifta i tidleg middelalder, men støylishistoria vår går nok endå lenger tilbake i tid. Støylyar og støylysmiljø har vi mange av i Sunnfjord. Støylybøker finst det òg fleire av.

Naustdal sogelag har gjennom eit eige støylyprosjekt gjeve hefter ut som fortel om kulturhistoria på setrane i bygda. Dei vakre støylydagbøkene til kunstnaren Johan Indrekvam er mellom desse. I innleiinga til det siste heftet om støylyane til Berg, Svoa, Fimland, Nes, Svorstøl, Vonastranda og Vona peikar dei på utfordringar og mulegheiter for kulturminnearbeidet, framover:

«Utfordringa er å gje desse bygningane nytt liv og kanskje også eit nytt innhald, samtidig som vi tek vare på den historiske arven og kvaliteten. Stølane er såleis både ein del av landbrukshistoria, kulturhistoria og representerer i dag også ein ressurs som den moderne, allsidige bonden kan utnytte til reiseliv og opplevingar.»

Fjellbeita er og blir ein viktig ressurs i landbruket. I samband med landbruksoppgjera vert støylytilskota auka. Beitedyra bidreg til å halde kulturlandskapet ope og beitinga er gunstig for det biologiske mangfaldet. Ei berekraftig og opplevingsbasert reiselivsnæring vil òg nytte godt av beitedyra sitt arbeid. Gjennom tilskotsordninga «Spesielle miljøtiltak i landbruket» kan grunneigarar få tilskot til vedlikehald og restaurering av bygningar på støylyane. Det er utarbeidd ein eigen rettleiar for slike tilskot i Sunnfjord kommune.

VATN

SPOR I VATN

Du leitar etter kvinnene sine spor gjennom tidene.
Leit i vatnet.
Leit i alle tårer, som har rent frå tålige auge.
frå fortvila auge, frå oppgitte og trassige auge
ja, frå hatefulle så vel som elskande auge.

Leit i alt vatnet
som har rent gjennom hendene hennar
når klæda vart tvetta i vaskestampane,
sulka på ny
og tvetta i stampene om att og om att.
Leit i alle vassbøttene ho bar i åket

Leit i alle oppvaskebaljane,
i alle golvvaskbøttene.
Leit i vatnet ved alle skylsteinane
ved elvar og grøver.

Ja leit i vatnet
Som har rent gjennom hendene hennar

– Kanskje finn du ditt eige andlet.

Dikt av Kari Bakke

Leit i vatnet

*Vatnet renn gjennom landskapet slik blodet renn i årane våre.
Elva held oss levande og gjer det leveleg å vere her gjennom tidene.*

I landet mellom elvene vart vi brubyggjarar
og elvetemjarar.

Vi leitar etter kvinnene sine spor, vi leitar
etter karane sine spor.

Kvernhus og dreiehus. Sagbruk og slipe-
steinar. Sjølv om mange av desse kultur-
minna er borte no, veit vi framleis korleis
karane brukte dei og kanskje veit vi òg litt
om korleis vasshjul og akslingar var kopla
i hop for å setje krafta i fossen og stryka i
arbeid.

Kva med stamper og dyttingar? Kvinnene
sitt daglege slit og strev ved elva finst det
få merke etter. Vi lyt leite i vatnet.

Ei stampe vart brukt til toving av tøy. Ho
fungerte slik at stokkar vart løfta opp av
krafta i det roterande vasshjulet, fall ned i
eit trau der tekstilane låg i varmt såpevatn.
Ofte hadde gardane gryter nede ved elva
om sommaren. Her kokte dei kledda og
skylde dei vatnet. Dyttingar var mindre
demningar til arbeidet med klesvask. Frå
små bekkar bar dei vatn gjennom vinteren.

Bar og bar.

Blodet rann gjennom årene, vatnet rann
gjennom hendene.

Vatnet rann og tida gjekk. Kvar kvinne og
kvar mann fekk si tid. Somme spor finst i
stein, somme spor finst i jord og somme
spor finst i vatn.

Les meir: *Samspelet mellom bygd og
elv, Sogeskrift for Naustdal 1990.*



Kraft og vern

I 1993 vart Gaularvassdraget verna etter ein av dei lengste og hardaste stridane om vassdragsvern i Noreg. Store natur- og kulturfaglege verneverdiar saman med sterke friluftinteresser vart avgjerande for vedtaket om varig vern.

Gaularvassdraget er eitt av dei største vassdraga på Vestlandet, nesten sju mil langt. Elva renn gjennom to dalføre: Haukedalen og Viksdalen. Ho ligg lågt i landet og breier seg ut i fleire store innsjøar på ferda si: Haukedalsvatnet, Lauevatnet, Holmevatnet, Viksdalsvatnet og Hestadjorden. Likevel er ho mest kjend for fossane sine, slike som Vallestadfossen, Kviteførkle, Likholefossen, Eikelandsfossen, Fossfossen, Sandafossen og Osfossen.

Langs den to mil lange tilrettelagde «Fossestien» kan du vandre på gamle stiar, stølsvegar og driftevegar. Her ser du Gaula i all si prakt og velde, i faret ho fann då isen smelta for tusenvis av år siden.

Det er registrert mange kulturminne knytt til elvane og vatna. Vassdrivne anlegg som kverner, ulike typer sager og dreiehus er det fleire av. Spor etter stamper og dyttingar finst framleis. Bruer krysser elva her og der, små kraftstasjonar har røyst seg og utnytta dei veldige kreftene ei stund, før dei har falle saman att.

Det første kraftverket i Gaula vart bygd i Osfossen i 1911 på nordsida av fossen i eit samarbeid mellom grunneigaren og den britiske laksefiskaren Charles Thomas-Stanford. Straumen vart nytta til mølle og sag og straum til bungalowen til Stanford. Det vart bygd kraftverk i Bellfossen, Espesetfossen, Likholefossen, Strufossen, Botna-Lyngstadfossen, Ørnehaugsfossen, Solheimselva, Brattebakkelva, Vika-/Fosseviksfossen, Kvamskjelet, Kinnagjelet, Njøsenfossen og Dysjeland framover til 1950 talet.

Dei største fallrettane i Gaularvassdraget vart kjøpte opp på byrjinga av 1900 talet. Alle rettane vart samla i Gaularsamskipnaden eller Gaular interkommunale Kraftselskap i 1920. Selskapet gjekk i 1929 på tvangsauksjon og Sogn og Fjordane fylke fekk tilslaget og sikra seg fallrettane i Gaularvassdraget unnateke i Haukedalen.

Det vart det fylkeseigde kraftselskapet Sogn og Fjordane Kraftverk, seinare SFE, som på 1970 talet fremja nye omstridde planar for utbygging av Gaularvassdraget.

STRAUM NOK TIL EVIG TID

-No har vi straum nok til evig tid, sa ordføreren då han opna den første kommunale kraftstasjonen i Brulandsfossen i 1914. Så skaut utbyggingane fart. Etter kvart kom det meir enn tjue små og lokale kraftverk rundt Jølstravassdraget. Elektrisiteten vart brukt til meieri og småindustri, straumforbruket auka kraftig, i takt med aktiviteten og folketalsutviklinga. I 1934 måtte Brulandsfossen utvidast for å dekke etterspurnaden. Så lenge varte ordføreren si «evige tid».

Les meir: Johnsen, Helge: Trudde dei hadde straum nok til evig tid. Avisa Firda, 18.12.2014.

HANDLINGSPLAN

Vassbruksmiljøet i Eldalsdalen kan brukast til å demonstrere korleis den fornybare ressursen vatn har vore utnytta fram til elektrisiteten skaut fart i siste del av 1900 talet. Det vil framstå som eit samla kulturminnemiljø som viser viktige sider ved næringsutviklinga dei siste hundre åra.

Eldalsdalen grendelag vil, i samarbeid med grunneigarar og andre lokale lag og organisasjonar legge til rette for å organisere arbeidet med å skaffe finansiering for å restaurere Tjønnelandsaga i første omgang, og på sikt heile Vassbruksmiljøet.

Gode fiskehistorier

Legendariske lakseelver, verdskjende aurevatn og bordsete i barndomsheimane med sjømat som på ein gourmetrestaurant. Slikt blir det gode fiskehistorier av!



Det vart fiska med garn, line, dorg, harpe, kateboks, hatletroer og fiskestang, med krabbeteinar, åleteinar og med berre nevane.

Les meir: Samspelet mellom bygd og elv. Sogeskrift for Naustdal 1990.

Framleis vert det fortalt om ein sommar midt på 1800-talet, då laksen stod så tett i Hovefossen i Nausta at folk fanga han med greip. To menn bar kvar dag heim tre bører med laks gjennom heile sommaren. Tenkjer vi oss at ei god bør var på kring 30 kilo, skulle det bli 180 kilo kvar dag og 8000 kilo gjennom sesongen. Tenestefolka på Hove nektar å ete laks meir enn tre gonger for veka. Sjølv om dei slakta fem storfe og tjue sauer om hausten, var inntekta frå laksefangsten langt større. Frå Laukeland vert det fortalt at ein laks frå fjorden var nok til å lønne budeia på Støylen for heile sommaren.

Landbruket var stadig i endring mot moderniserte driftsmåtar. -I gullalderen på 1950 og 60-talet var det nok fleire som bygde både fjørsar og hus med fiskepengar, fortel Finn Årdal ved Jølster auremottak. Fisken var ikkje berre aleine i vatnet, han var aleine i marknaden og. Då oppdretts-fisken kom i butikken vart det brått slutt på dette, og fisken vart vanskeleg å omsette. No kjem det seg. Folk har fått augene opp for villfisk som berekraftig ressurs og råvare. Reinare kan det vel knapt bli? Finn Årdal er entusiastisk, men nøktern på same tid. Han forklarar korleis ein kan fiske ut opp mot 15 tonn aure i året, mykje fordi fisken ikkje konkurrerer med andre artar. Jølstra-auren vert for ein stor del frakta austover og sørover til delikatessebutikkar og resturantar i Oslo og Bergensområdet.

-Då eg kom ut i verda, forstod eg det fort: Eg var oppvaksten på ein gourmetrestaurant ved fjorden, fortel Anne Line Thingnes Førund frå Vevring.

-Vi hadde fisk til middag fem-seks gonger i veka. Det vart fiska med garn, line, dorg, harpe, kateboks, hatletroer og fiskestang, med krabbeteinar, åleteinar og med berre nevane. Heile året fiska vi og årstidene gav forskjellige fangstar og dermed rettar på tallerkenen. Det var torsk, sei, makrel, sild, lyr, hyse, breiflabb, steinbit, brosmme og lysing. Kokt, steikt, salta, røykt, tørka, speka eller grava, fiskekaker og fiskesuppe, menyen var like lang som året var.

Krabbe fangsta vi i store mengder på haustane, kokte og reinsa, mange sittande på brygga i lag, og litt vart fylt tilbake i skjella og frose ned til pålegg. Blåskjel plukka vi av berga i dei kalde månadane, dei med r i namnet. Store gryter vart kokte, vi laga pyramidar av skjel på skivene, med pepar, dill og ein majonesklatt på toppen. Den store premien var at i somme blåskjel hadde sandkorn blitt til kvite perler.

Sjøfugl vart skote, alker og skarv. Kokt i store gryter, servert med kraft eller brun saus på krafta. Frå rypejakta på Håsteinen og Dyttingane fekk vi også fugl, surra, bruka og med fløytesaus. Frå fjordlandskapet fekk vi også sopp, bær og planter til krydder og te. Grøn brennneslesuppe på laksekraft var nydeleg. Fjorden har berga folket med mat gjennom generasjonane, og meir enn det: Fjorden gjev matglede, fangstspenning og naturoppleving!

Vegvisarar frå bre til fjord

Breen låg over bygda i tusen år. Fossar, elver og bekkar rann frå isen mot vatnet og fjorden. I dropane under iskanten spegla Sunnfjord seg som ei dronning, vakrast i landet. Mange ville sjå ho, men vegane gjekk over snø og is, gjennom juv og stryk. Vi vart vegvisarar og vegbyggjarar.



I alderdommen bar han på ein draum om å liggje på ryggen og få seg ei middagskvild oppe ved storebreen. Anders Lunde gjekk første turen sin over breen med neven trygt planta i neven til faren då han var elleve år. Opp stigane til Lundeskaret, forbi det vakre Trollvatnet, over Marabreen og ned fjellsida til Bøyadalen i Fjærland. Turen tok vel sju timar og han skulle komme til å gå den over fire hundre gonger gjennom livet. Anders var andre-generasjons breførar på Lunde turiststasjon. Breføringa tok til på slutten av 1800-talet og var ei viktig attåt-næring til gardsdrifta. Fjellet og breen kunne vere farleg, men gutane som vaks opp i riket av stein og is vart aldri ferdige med det. Ei middagskvild ved breen var draumen han bar på, alltid.

Den norske Turistforening innførte patentførerordninga i 1890. Pionerane frå Lunde, Stardalen og Fjærland er for legender å rekne i breføringa si historia. Far til Anders, Andreas Lunde, var mellom dei aller første. Han var ein kraftkar på 110 kilo som kunne finne på å hive turistane over skuldra og bere dei den lange turen over breen. I dag driv oldebarnet Atle Lunde turiststasjonen vidare saman med kona Linda, og går i fotspora til bestefar og oldefar over den mektige isen.

Endå tidlegare hadde turistane oppdaga fisken i elvane våre. Til Gaula kom iren William T. Potts ein gong på 1860-talet. Han leigde seg like godt alt fisket under Osfossen eksklusivt. Laksetrappa i denne fossen vart bygd i 1871 og er den eldste i Europa. Ho er elleve meter høg og har seksten avsatsar. Potts kosta bygginga mot fiskerett i 25 år frå alle grunneigarane både over og under fossen.

Området under Osfossen vart etter kvart ein av landets beste fiskehølar, med store økonomiske interesser. Rettane på nordsida har sidan 1850 tilhøyrt same gard og familie, og har alltid vore rekna for å vere dei beste i vassdraget, og mellom dei beste i landet. Rettane på sørsida blei i 1878 selt til William T. Potts, då han overtok garden Osen. Nevøen hans, Wille T. Potts, selde i 1896 garden til Olav Mo, som straks selde embetsmannshuset på garden og alle fiskerettar i Gaula vidare til Johan Gran. Etter den tid har huset og fiskerettane på sørsida tilhøyrt ulike interesser og familiar.

Der breførarane vart legender inst under breen, var roarane og klepparane omtykte vegvisarar for laksefiskarane. Mellom dei mest kjende er "Lars i Fjørø" og Johan Furnes. Ein ting var å få fisk, ein annan var å lande den. Ein god roar var god å ha.

Den 13. mai 1785 vart det utstedt kongeleg resolusjon om vekefast og regelbunden postføring mellom Bergen og Trondheim. Den trondhjemske postvei vart etablert for å få direkte postsamband mellom Bergen og Trondheim, i staden for den tungvinte ruta via Kristiania (Oslo).

I Sogn og Fjordane vart vegen bygd mellom 1785 og 1806. Dette var ein veg med bestemt vegstandard og var den første opparbeidde vegen. Dei andre vegane på denne tida var gang- og ridevegar. Dei som bygde vegen var i stor grad bønder og husmenn som måtte utføre pliktarbeid.

HANDLINGSPLAN

Den trondhjemske postveg er eit kulturminne av regional verdi i Sogn og Fjordane. Dei attverande strekningane av postvegen kan sikrast med hjelp av omsynssoner etter plan og bygningslova. Vedlikehald og tilsyn med vegen kan regulert gjennom skjøtselplaner som klargjer ansvarsfordelinga mellom grunneigarar, kommune og fylkeskommune.



Spor i oss

Vi sette spor i landskapet og gjorde landet mellom elevene til vårt eige.
Slik sette steinen, jorda og vatnet spor i oss.

Sette spor, skapte rørsle.
Ein streng bivra, ein tone svakt over leppene.

Ei form fann linja si over eit lerret.
Ein tråd fann fargen sin i eit kar.

Handa i nakken din
Armen kring aksla di

Ei tid for å danse
Ei tid for å sanse

Fanst for oss

Skaparkraft og spelerom

I Paulstunet på Klakegg, i Larstunet på Eikås, på Hårklau i Haukedalen, på Furnes i Bygstad og på Spelehogjen på Halbrend. På Svoa, på Fimland og på Horstad. I spel, song og dans utfalda skaparkrafta seg mellom generasjonane, trass i band til både odel og jord. Korleis kunne ho få så stort spelerom i så tronge rammer?

Omgrepa folkemusikk og folkedans knyter seg både til kontinuitet, variasjon og utval. I desse rammene finst rom både for å lære og bere vidare, for å skape og skape om. Musikken gav puls og liv til dagane slik vi levde, i landet mellom elvane.

Fjellbekken kalla dei seg kanskje når dei kom i hop, eller Fjellklang. Og tonane, dei kunne flyge som fuglesongen.

Slik var det i Paulstunet på Klakegg, ved århundreskiftet. Her vaks det opp ein søskenflokk på tre jenter og seks gutar. Alle ni var svært musikalske. Slik tida likevel var, vart dei tre brørne Moses, Adolf og Petter særleg ettertrakta som spelemenn. Dei komponerte fleire slåttar, og «Paulsmusikken» har vorte ståande som eit omgrep innanfor folkemusikken som skriv seg tilbake til brørne og heimegarden deira.

Musikken gav puls og til dagane, tonane flaug

og kunne gje luft under vengene til dei som spelte:

Spele-Gunnar vart han kalla, Gunnar Lundekvam. Han var fødd i Gaular i 1816, gifta seg med Olianna Hafstad og busette seg på husmannsplassen Spelehogjen på Halbrend. I 1896 drog han til Bergen for å delta på den første landskappleiken, 84 år gammal. Han kom på andre plass, berre slått av av 38 år gamle storspelemannen Sjur Helgeland frå Voss. Mellom tilhøyrarane var Edvard Grieg. Han vart så imponert over spelet til Gunnar Lundekvam at han ville ha han med på spelturne i Amerika. Slik vart det ikkje. På sine eldre dagar flytta han heller til nordover til eldste sonen sin som budde i Lofoten. Der døydde spele-Gunnar og vart gravlagt.

På biletet ser vi deltakarane på kappleiken i 1896. Gunnar sit i midten framme. Sjur Helgeland sit heilt til venstre framme.

I Paulstunet var det sjeldan stilt
De var ni sysken
Ein familie med spelemenn,
også jentene

Enno seier folk det:
Dei var så mange, og dei var
så gode

Særleg Moses
med det milde blikket
ein av Anders Reed sine
beste elevar
som drøymde om å leve
av musikken
men var bunden i odel
til garden

Der i dalen
kor det er så djupt og
trongt
kor fjella pressar seg inn
over tuna

I eit landskap Henrik
Ibsen skildra som «en
Revne mellom de bugtede,
uhyre, sønderrevne Fjeld-
murer»

Der skapte de liv og musikk
utan sidestykke
strekte dykk mot himmelen
ut av revna

Frå «Folkemusikken og fortelj-
gane» av Marianne Clementine
Håheim.



Det går mangt eit
menneske og ser seg
fritt ikring for
Ivar Aasens skuld
– den stille og vise ned-
brytaren av grenser,
den rolege og sikre opp-
byggaren i eit folk.

Tarjei Vesaas

Å sjå seg fritt i kring i sitt eige språk

Identiteten er det inste i mennesket, sjølv kjernen i oss. Han er forma gjennom barndom og oppvekst, men vi held fram med å skape identiteten vår gjennom heile livet. Språkhandlingar er identitetshandlingar. Gjennom å velje språklege ord og uttrykk, presenterer vi oss sjølv. Vi seier noko om kven vi er og kven vi ønskjer å vere.

Ivar Aasen la tidleg ut på sitt store livsprosjekt; Å samle inn og systematisere dialekter og skape det han kalla «landsmålet», som skulle bli grunnlaget for det moderne, nynorske skriftspråket. I dette språket kan vi uttrykke oss i ei form som speglar vår identitet og kjensla av å høyre til.

Vi ser oss fritt i kring for Ivar Aasens skuld.

Nynorsken vart skulespråk i Førde i 1934, og har sidan etablert seg som den mest brukte målforma i offentleg forvaltning, i media og mellom folk flest. I 2015 tok Førde ei aktiv rolle som «Nynorskby». Gjennom denne satsinga seier byen noko om kva den ønskjer å vere: Målet er å vere eit regionalt kraftsenter for nynorsk.

Satsinga har mellom anna vore vinkla mot dei minste og mot styrkene i den lokale kulturen og kulturarven: Folkemusikk og – dans, visuelle kunstuttrykk og nynorsk språk – og litteratur. Frå og med hausten 2022 får alle barnehagar og småskuletrinn i kommunen utdelt ei veske med kulturelle verktøy: Ei bok, ein song, eit eventyr, ein dans, ei regle, ein leik. Og sist, men ikkje minst: Ein fisk! Frode Laks, heiter han. Frode Laks ser seg fritt i kring frå elva der han bur, der han høyrer til.

Gjennom å introdusere alle dei kulturelle verktøya for borna, blir dei også ein sum av element og eit innspel til ein identitet for alle små som skal bli store i Sunnfjord og gjere det nynorske språket til sitt eige.

HANDLINGSPLAN

FRÅ KOMMUNENAMN TIL BYGDENAMN

I samband med kommunesamanslåinga går kommunenamna Naustdal, Førde, Gaular og Jølster ut av bruk til dette formålet, og må etablerast på nytt som stadnamn og bygdenamn. Som stadnamn syner Førde og Naustdal til eit klarare definert geografisk område og sentrum, medan Gaular og Jølster framleis viser til området som var omfatta av dei tidlegare kommunane i innbyggarane si bevisstheit og i deira språklege identitet.

Om ein tek utgangspunkt i stadnamn-strukturen knytt til grender og bygder i Sunnfjord kommune, vil Gaular og Jølster kunne få status som samlande stadnamn for bygdelaga dei to tidlegare kommunane omfatta. Norsk stadnamnleksikon nemner Gaular som eit bygdenamn, laga av elvenamnet Gaula.

Det gjeld også for Jølster, av Jølstra, som kan ha samband med det norrøne «jalmr» som tyder larm eller bråk. Truleg er det lyden av vatnet som renn som har gjeve namn til elvane og deretter til bygdene våre.

NYNORSK-KLYNGE

I 2023 opnar Nynorskhuset i Førde sentrum. NRK, Firda og Teater Vestland vert dei største aktørane i det nye klyngemiljøet. Målet er at Nynorskhuset skal bli eit kraftsenter for norsk språk og kultur.

Frå bror til bror, til dotter frå mor

- to forteljingar om vidgjetne handverk frå Sunnfjord



Øystein heitte ein bror. Kristen heitte ein annan. Berre to år skilde dei. I barndomsdagane såg dei elva bukte og svinge kring steinane i leikne far gjennom Råheimsdalen.

Elva kunne temjast, det visste Øystein. I dreiehuset fekk han lære seg å lage øskjer, skrin, tiner og hus; Kjellstadhus er eit skrin i fleire etasjar frå same emnet.

Kristen såg mønster i det rennande vatnet. Han tok skrina i hendene, farga dei koboltblå, rustraude eller svarte i botnen. Så svinga han sirlege s-ar og spiralar over målingsflata. Slik laga han sin eigen stilart innan rosemålinga: Viksdalsmålinga. Fann han formene i elveleiken? Det finst mønster med slike former i istidsholer og på vikingane sine skinnfellar, der store krefter knytt til livsvilkåra våre på jorda er visualiserte. Kristen Øvre Kjellstad skapte ein eigen stil som skulle bli ståande som eit særmerke i kulturarven vår. Mønstra var enkle, men tiltalende og dekorative.

Kjellstad-brørne lærde frå seg kunsten, både til å dreie og til å male. I dåtidas målestokk sist på 1700-talet vart viksdalsmålinga masseprodusert. Eilert Sunt fortel om korleis viksdøler gjorde seg i stand til bytur til Bergen for å selje produkta sine. Dei kunne vere borte i eit par månader om gongen, og selje hundrevis av øskjer og tiner før dei drog heim. Viksdalsmålinga vart ei viktig attåt-næring på gardane.

I dag vert handverket halde i hevd i familiebedrifta i Eldalstunet.

Kathinka heitte ei mor. Dottera heitte Maria, dotterdottera heitte Magnhild. Kathinka Lind kom til Åhus som lennsmannsfrue i Lindtunet i 1870. Ho lærde seg den tradisjonelle teknikken for vevnader frå Jølster. Vevstova i lennsmannsgarden skulle bli viktig, både som kulturberar og kvinnearbeidsplass.

Kathinka Lind var snar med å lære seg smetteveven og like snar med å arrangere kurs for å lære handverket vidare. Ein av elevane var hennar eiga dotterdotter, Magnhild Heggheim. Då Magnhild kom heim til Jølster i 1933, etter å ha studert ved Den Kvinnelege Industriskole i Oslo, etablerte ho vevstova som verksemd med fem tilsette.

Mønstra dei vov etter hadde Maria Kaspara Lind teikna ned. Ho var mor til Magnhild og dottera til Kathinka. Då Maria og broren Jørgen var små, leika ein annan smågut kring

om på gardane i Åhus-grenda. Både Nikolai og mor hans Petra Astrup var ofte i Lindtunet. Ho for å veve, han for å leike og etter kvart for å lære. Smetteveven fascinerte den unge kunstnaren og han teikna fleire mønster for vovne løparar, slik som «Tyttebær» og «Hestetekastanje».

I indre delen av Jølstra-bygda vaks Audhild Viken opp på garden Fossheim, der mor hennar, Olina Fossheim var ein omtykt kunnskapsberar av tradisjonelt tekstilhandverk. I 1947 starta Audhild Viken eiga vevstova på Skei. Ho knytte til seg så mange som to hundre husflidskvinner i arbeid for seg, og organiserte sal av vevnadane gjennom hotella på Vestlandet. Sjølv sykla ho rundt i fylket og selde varene sine dei første åra. Vevstova vart seinare teken over av sonen Hallvard Viken, som bygde ut verksemda med filialar i Bergen, Førde og Geiranger.

Ein eignlut for lukke og vern



Eit åkle var ein eignlut som fylgde deg gjennom livet. Jentene vov seg eigne brureåkle. På kyrkjeveg hadde brureparet vevnaden å sitje på, i kyrkjebenken og. Så la dei åkleet over bruresenga. Når barnet skulle døypast vart den vesle reiva i eit kristnaåkle. Så sveipte dei åkleet kring barnet i vogga. Når livsferda var til endes la dei den døde til kvile. Så brøydde dei åkleet over liket.

Når åkleet var utslite, vart det brukt som hestedekke eller lagt i senga under ullkvetelen nærast sengehalmen. Hestane stod bundne utanfor kyrkja under den dryge gudstenesta på søndagane. Tenk å sjå hestane venta langs kyrkjemuren med fargerike åkle over sveitte ryggar i vinterkulden.

Kollrose, hodnerose, samrose og åttebladrose. Mønstra

var mangfaldige og hadde ulike tydingar. Åttebladrosa var mest brukt. Ho gav vern mot mara, eit vesen som kunne legge seg over deg om natta så du ikkje fekk puste. Mara var farleg og vond. Men rosene var også teikn for framgang, overflod og fruktbarheit. Til fleire stjer-ner i rosene, til meir lukke ville vevnaden gje.

HANDLINGSPLAN

Både Viksdalsmåling og Jølstraåkle er immaterielle kulturminne spesifikt knytt til vår kommune. Den handborne kunnskapen må sikrast og gjerast tilgjengeleg for nye generasjonar.



Spør i ord

Vi bygde Sunnfjord med stein, i jord og av vatn. Samstundes bygde vi samfunn og samkjensle. Vi bygde folk og fellesskap.

Språkhistoria kan fortelje meir om denne byggjemåten: Ordet «samfunn» kjem av det norrøne «samfundr» som tyder samankomst. Ordet leier oss vidare, lenger inn i vårt språklege arvegods. Der finn vi det vakre ordet «stefna». I vår tid vil vi seie «stemne». Å stefna eller stemne handlar om å stå i stamnen, sette kurs, styre i ei retning. Etter kvart har det kome til å handle om å avtale eit møte, å samlast i bestemt hensikt, som til eit songarstemne, eit idrettsstemne, eit ungdomslagsstemne, eit støylsstemne.

Tallause stemne til kveik og moro finst fortalt om i minnebøkene våre. Ei slik minnebok er Naustdal sogelag sitt årlege sogeskrift. Ei slik forteljing finst i sogeskriftet frå 2015:

Vårbod ungdomslag skipa til tre stemne på Horstad-støylen under krigen. Planlegginga starta i god tid: På godt skareføre frakta Mathias Veien ei 90 liters støypejarnsgyte til rømmegraut opp til støylen vinteren 1941. Fundamentet til ovnen der grauten skulle kokast var alt støypt med sement og jarn, og sett i eldhuset. Til det første stemnet kom det over tre hundre deltakarar. Det var dans kvar kveld til langt ut i dei små timar. Spelemenn var Magn

Littlere og Georg Gjerland på trekkspel og brørne frå Paulen i Jølster på fele. Olav Horstad har fortalt at han bar det 20 kilo tunge trekkspelet på ryggen over fjellet til Horstadstøylen. Det var eit spesielt italiensk spel med svensk system. Olav hadde god lyst til å spele på det, men det svenske systemet var han ikkje vand med.

Nasjonalsongen vart sungen og om kvelden gjekk det rapport til England, der det vart fortalt om stemnet og songen. Dei som har fortalt om stemnet i sogelagsheftet hugsar at kjendest farleg, men rett og viktig. Laurdag var det premiere på nyskrive skodespel om eit støylsfriari. Jenta på støylen fekk besøk av ein gut, men då rette friaren kom måtte denne første guten hoppe ut glaset. Han landa på bakken att med rømmegrauten, så rømme og myse skvatt. All mjølka som skulle brukast til stemne-maten måtte hentast både på Horstadstøylen, Reiakvamstøylen og Solheimsstøylen.

Vatnet renn og tida går. Språket mjuknar med tida og set nye far i forteljingane. Å stå i stamnen, setje kurs og styre i ei retning handlar om å stå saman, hjelpast åt og ta i eit tak for fellesskapen.

Då åtti klokker klang



Skrur vi tida hundre år tilbake, kan vi høyre åtti skuleklokker ringe og sjå ungene springe inn dørene i like mange skulestover kring om i heile Sunnfjord kommune.

Skulehistoria i Sunnfjord skriv seg tilbake til skulekommisjonane si inndeling av prestegjeld og sogn i skuledistrikt og roder frå midten av 1700-talet. Det vart halde skule i rodane eit par månader i året, slik at heile distriktet vart dekkja i løpet av eit år. Skulelova av 1860 fastsette at områda skulle delast i skulekrinsar, og at det skulle vere ein fast skulestad. Lova slo fast at skulestyret i kommunane skulle oppnemne tilsynsmenn for krinsane. Skulelova av 1889 utvida dette mandatet, og klargjorde at kvar krins måtte ha sitt eige tilsynsutval med tre representantar som vart valde på krinsmøta. Alle skatte-ytarar over 25 år og foreldre til elevane hadde stemmerett på møta. Representantar frå

tilsynsutvala kunne møte i skulestyret, og slik vart strukturen med grendeskular viktige for lokaldemokratiet og utviklinga av lokalsamfunna.

Skulestrukturen har endra seg mykje med tida, men fleire av dei gamle skulestovene står att som viktige kulturminne. På Fimland står gamleskulen, bygd i 1902, som har husa fleire generasjonar av elevar, fram til nye Instedalen skule vart teken i bruk i 1981. På biletet ser vi ungar på ivrig skuleveg ein haustdag i 1973. I dag er bygget brukt til husflidsaktivitet og veving, men eit skulemuseum er under planlegging.

Gamlebygget på den tidlegare Heimyrkjeskulen i Jølster fortel om ei anna vesentleg side ved skulehistoria i Sunnfjord. Då skulen stod ferdig i 1954 var husflidsskulen den einaste i sitt slag i fylket. Undervisnings-tilbodet omfatta teikning, saum, vev, tre, metall og keramikk. Skulen vart lagt ned i 2014. Fire år seinare kurater-te Sunnfjord kunstlag ei gruppe-utstilling av profesjonelle kunstnarar som hadde til felles at dei hadde lagt eit grunnlag for kunstnarkarriera si ved Heimyrkjeskulen. Heile 25 kunstnarar var representerte på utstillinga.

«Skulen min» var eit kartleggings- og formidlingsprosjekt om skulehistoria i Sogn og Fjordane som starta i 2015 og vart avslutta i 2018. Målet var å samle kjelder og informasjon om skulehistoria i ein digital portal. Prosjektet med å samle og ta vare på skulehistoria ligg no til det daglege arbeidet ved fylkesarkivet.

HANDLINGSPLAN

I samarbeid med lag, organisasjonar og andre offentlege og private initiativ kan kommunen bidra i arbeidet med å ivareta og utvikle historiske skulemiljø som kulturminne. Fimland gamle skule og Gjesdal gamle skule er døme på slike aktuelle skulemiljø. Dersom det kan finnast eksterne løysingar for finansiering og drift er det også aktuelt å stille gamle Heimyrkjeskulen til disposisjon for etableringa av eit kultur- og handverkshus på Jølster.

Ei skulestove i ein tidskapsel



Gjesdal gamle skule kapslar inn ei tid som er forbi, slik at ho framleis finst her inne i den klassiske skulestova frå 1898. Skulekrinsen var først todelt, men det krydde av ungar på gardane langs stranda. Kring 45 elevar møtte kvar dag til undervisning i det vesle huset. Lærarane Ludvig Fugle og Andreas Hamar laut dele elevane i tre klassar i tiåra framover mot krigen.

Trappa opp til loftet der det var innreia undervisningsrom for sløyd og snekring.

Gjesdal gamle skule vart nedlagt i 1968. Skulehuset er godt eigna til å formidle historia om korleis skuledagane var for borna før i tida.

Pultar, kateter, tavle, kart, plan-sjar og smittevernplakat. Inne i klasserommet i det gamle skulehuset er det som om tida har stått heilt, heilt stille.



Sjuande prest i huset

-Her bur Engel, Edvard, Mattis, Birk, Silje og Erlend.

Det hjarteforma dørskiltet er ei tavle der nokon har skrive velkomsthelsinga med krit. Mange har slike dørskilt, men ikkje på ei gamal prestegardsdør.

Silje Sørebo har vore sokneprest i Jølster sidan 2014. Saman med fire born og ektemannen Erlend Os har ho og familien gjort den tradisjonsrike prestegarden på Ålhus til sin eigen heim. – Det er som å bu i eit vanleg hus, forklarar Mattis på spørsmål om korleis det er å bu i eit slikt spesielt hus. Spøkelse har ingen av dei sett eller høyrte noko til, anna enn for nokre dagar sidan. Då var det ei spøkelse som spelte bordtennis i stova. Ei av dei tre stovene i den staselege bygningen eignar seg godt til eit bordtennis-bord. – Jeg tror kanskje det var et spøkelse, seier Silje lurt til ungene. – Eller kanskje det bare var katten, legg ho til så alle ler.

Jølster prestegard er også kjend som Ålhus prestegard fordi han ligg i grenda Ålhus i Jølster kommune. Prestebustaden ble oppført i 1885/1905 i sveitserstil og har over 100 års tradisjon som tenestebustad. Prestegarden er mest kjend for sambandet til målaren Nikolai Astrup. Astrup voks opp i paktarbustaden som låg mellom den gamle prestegarden og kyrkja og brukte den gamle prestegarden som motiv fleire gonger.

Kring 1890 tok dåverande sokneprest i Jølster Christian Astrup initiativ til å skipa ein lesering på Ålhus, og inviterte til møte i preste-

gardsstovene. Bokringen har teke nye namn, og møta har gått på omgang på gardane heilt fram til i dag. Den religiøse litteraturen i samlinga var det presten Astrup som sytte for, og vi veit at Astrup gav bøker til samlinga. Søren M. Øvrebø, som seinare vart lensmann i Jølster, synte stor interesse for å samle litteratur om jord og skogbruk.

I 1895 skriv bibliotekaren i «Læseskabet Ungdomshåbet» følgjande: -Ungdomshåbet har no i try år stubba og gått – desse åra har det vore kjøpt for 90,50 kr. i bøker, og fengje bøker fyr kr. 48,10. Eig altså eit boklag på 15 148 sider. Samla bogladeverdi kr. 138,60.

Jølster var også tidleg ute med bibliotekdrift, og Jølster bibliotek vart starta i 1838. Det var truleg ikkje samanhengande bibliotek-drift, men det finst protokollar frå 1900 og framover som syner at dei som budde på Ålhus var eit lesande folk.

Som sjuande prest i huset fylgjer Silje Sørebo i spora etter den første presten som tok prestebustaden i bruk. Slik Christian Astrup skipa lesering og lånte ut bøker, opnar Silje stovene i prestegarden for litterære program og held gjestebod med mat og drikke, song og hyggeleg samver. Slik kan alle få eit glimt inn i den historiske heimen ho held open og levande på beste vis.

Ein gong var sentrum eit nes

Ved Vevring på nordsida av Førdefjorden stikk eit særmerkt nes ut i fjorden. Det er Tingneset. Her står eit toetasjes hus med halvvalma tak midt i ei klyngje av eldre bygningar. Frå gammalt var garden Vevring med Tingneset eit sentrum i Ytre Førdefjorden.



På Tingneset var det skysstasjon alt frå midten av 1600-talet, og frå tidleg på 1700-talet også gjestgiveri.

Anders Nilsson Feios, som fekk gjestgjevarløyvet på Tingneset i 1743, fekk også drive ein liten

landhandel, sjølv om han ikkje hadde såkalla borgarbrev for handelsverksemd. Skysskaffaren på Tingneset var plikta til å stille rorskarar for skyssing av prest, fut og andre embetsfolk til næraste skysstasjon. Austover var det til Naustdal og Førde, og vestover til Hellevik ved Stavang eller Sauesund på Atløy.

Neste mann ut var den fyrste stortingsmannen frå noverande Naustdal, gjestgjevaren og bonden på Tingneset, Lars Jakobsson (1767-1828). Han var på Stortinget 1815-16 og i 1818. Som tingmann var Lars Jakobsson sterkt oppteken av bøndene sine vilkår. Han ville mellom anna hindre byborgarar i å kjøpe opp jord og tilsetje forpaktarar. Difor kom han på tinget i 1818 med eit forslag om at berre folk som

hadde gode kunnskapar om jordbruksdrift, skulle få kjøpe jord. Byborgarar skulle ikkje få høve til å eige jord anna enn når det galdt fabrikanlegg, føreslo han.

Vevringsokna vart eigen kommune frå 1838. Fyrste kommunestyremøtet vart halde på Tingneset, og staden vart på ein måte den naturlege samlingsplassen for all kommunal verksemd. Hit kom også lensmann og prest, doktor og skrifvar. Somme dagar kunne det vere fleire møte og då vart det trangt om plassen!

Her vart etter kvart også post og dampskipsstoppestad. Det aller siste møtet i tidlegare Vevring kommune, 29. desember 1963, vart halde i same stova på Tingneset som fyrste møtet 30. april 1838.

HANDLINGSPLAN

For å gje innsyn i kulturminna knytt til samfunnsinstitusjonar, administrative funksjonar og det varierte næringslivet i bygder og mindre tettstadar i Sunnfjord kommune er kulturhistoriske ruter eit aktuelt tiltak. I Sande sentrum i Gaular er ei slik rute under utarbeiding og utprøving. Løypa gjev innsyn i samfunnsinstitusjonar og styring i Gaular gjennom fleire hundre år.

Les meir: Kulturminneplan for Gaular kommune 2021–2023.

Spør etter krig

I stein, i jord, i vatn finst spor etter liv og arbeid, kvar dag for å gjere morgondagen betre. Ei tid herja mørke krefter i landet vårt. Spor etter krigen finst framleis, som sår i sinnet, som sorg og frykt hjå dei som hugsar. Mange av oss kan ikkje hugse, men vi må likevel aldri gløyme.



Tre av flya i luftkampen 9. februar 1945 fall ned i Naustdal. Eit av dei allierte flya, ein kanadisk Bristol Beaufighter, prøvde å naudlande ved Naustdalsstølane. Flyet vart smadra og brann opp og dei to flygarane omkom. På ein stein ved stølsvegen, hogg Bendik Naustdal (1895–1981) sidan inn ein Beaufighter til minne om hendinga.

Til ungdommen

Kringsatt av fiender, gå inn i din tid!
Under en blodig storm – vi dig til strid!
Kanskje du spør i angst, udekket, åpen:
hvad skal jeg kjempe med, hvad er mitt våpen?

Her er ditt vern mot vold, her er ditt sverd:
troen på livet vårt, menneskets verd.
For all vår fremtids skyld, søk det og dyrk det,
dø om du må – men: øk det og styrk det!

Edelt er mennesket, jorden er rik!
Finnes her nød og sult, skyldes det svik.
Knus det! I livets navn skal urett falle.
Solskinn og brød og ånd eies av alle.

Frå diktet «Til ungdommen» av Nordahl Grieg

Dei siste dagane av april 1940 var dramatiske i Førde. Restane av dei norske styrkane på Vestlandet var flytta over til nordsida av Sognefjorden, og ein stor del var samla i Førde for å føre striden vidare. Førde var nær ved å bli bomba på same måte som Voss, hadde det ikkje vore for at nordmennene la ned våpena 1. mai om morgonen. Sivertsen Hotell rekvirert av tyskarane saman med fleire andre bygningar rundt om i Førde. På Kronborg vart det oppretta fangeleir for russiske krigsfangar. Fangane bygde «Burma-vegen» frå Sanderplassen og opp til bunkersanlegget på Hafstadbakken. Der hadde den tyske leiinga godt utsyn over fjorden og dalen, dei hadde ein brakkeleir for divisjonsstaben, samt eit større fjellanlegg som endå er intakt.

Fem år under okkupasjon var i vente. I åra mellom 1942 og 1945 var Førde hovudkvarteret for dei tyske styrkane i Sogn og Fjordane. På det meste var det kring 500 tyske soldatar stasjonert i bygda.

Korleis arta krigen seg for sunnfjordingane? Korleis har krigshendingane kome til å prege oss i generasjonar framover mot vår tid?

Ut på haustparten i 1940 kom Olav Huslid flyttande frå Arnafjorden til Skei, der han tok til som lærar.

Olav Huslid sitt motstandsarbeid gjekk føre seg på heimebane. Som lærar motsette han seg tyskarane sine forsøk på å politisere skulen og innføre raselære, og han distribuerte illegale aviser. Å sende vidare stensilar kan i våre dagar virke uskuldig, men okkupasjonsmakta var svært opptatt av å kontrollere informasjonsflyten, og over hundre menneske vart i løpet av krigen avretta for å spreie illegale aviser.

Den einaste jølstringen som miste livet i kampen mot tyskarane var Erik Kjøsnes, som då budde i Bergen og vart ein del av ei motstandsgruppe der. Gruppen vart infiltrert av ein Gestapoagent og avslørt, og Kjøsnes rømte heim til Jølster. Lensmannen i bygda fekk beskjed av Gestapo om å arrestere han, og så gjorde. Kjøsnes vart sendt i konsentrasjonsleir, og kom aldri heim.

Den tyske krigsmakta spreidde frykt, sjølv i ei lita bygd der det til vanleg berre var stasjonert ein einaste tysk soldat.

På Langeneset i Åbergsdalen bygde tyskarane oppe det største ammunisjonslageret i Sør-Norge med 52 brakker. Eit trettittals russiske fangar budde og arbeidde der. På næraste garden ved lageret voks Else Birkeland opp. Ho var seks år då krigen kom til bygda. Kvar dag gjekk ho forbi det store ammunisjonslageret på veg til skulen, som i ei stille før stormen.

Krigens redselsfulle ansikt skulle komme til Sunnfjord i all si gru til slutt.

Fredag 9. februar 1945 rasa eit stort luftslag mellom allierte fly og tyske fly- og sjøstridskrefter over Førdefjorden og området rundt. Dette skal ha vore det hardaste luftslaget i Norge under siste krigen. Dagen kom til å gå inn i historia under namnet "Den svarte fredagen". Dei allierte flya hadde vanskeleg for å kome seg posisjon over den tronge fjorden. Flymannskapa på dei tyske flya kom frå fronten ved Kirkenes og hadde stor kamperfaring. Det utvikla seg såleis til ein luftkamp som spreidde seg til luftrummet over fleire bygder i Sunnfjord. Det vart ein ulik kamp som for dei allierte vart den reine katastrofen. På om lag eit kvarter var kampane over. I alt vart ti allierte og fire tyske fly skotne ned, og eit tysk fly havarerte på veg attende til Herdla. Fjorten av dei allierte og tre av dei tyske flymannskapa omkom, dessutan eit ukjent tal av dei tyske sjøfolka.

Med unnatak av ein mann vart merkeleg nok ingen sivile skadde eller drepne. Martinus T. Furevik frå Førde døydde på sjukehuset i Høyanger knapt fire veker seinare. Han gjekk ut til eit tysk fly som hadde naudlanda på isen i fjorden og pådrog seg ein skade slik at han måtte på sjukehus.

På 40-års dagen for freden, 8. mai 1985, vart det ved flyplassen på Bringeland avduka ein minnebauta over dei allierte flygarane som omkom. Sju år seinare, i 1992, vart det også avduka ein minnestein på flybasen Dallachy i Skottland, der dei fleste allierte flya som var med i kampane var stasjonerte.

Nordahl Grieg (1902-1943) var ein av våre mest markante diktararar i si levetid, og ein av dei «unge døde» då han blei skoten ned i eit fly over Berlin i 1943. Det ikoniske diktet «Til ungdommen» skreiv han allereie i 1936, i ei tid då Europa stod på randen av ein ny krig. Diktet har ein sterk appell og når fram til lesarane på ein måte som kan minne oss om kvifor arbeidet med å ta vare på og formidle historia om krigsminna våre er viktig og vesentleg.

HANDLINGSPLAN

Krigsminna i Sunnfjord bør forvalta gjennom ei samla og heilheitleg plan for ivaretaking og formidling. Sunnfjord kommune kan vere samarbeidspart i arbeidet, saman med utdanningsinstitusjonar, historielag, sogelag og andre.

I Luftkampmuseet på Slettehaug i Naustdal har det vore lagt til rette for formidling av krigsminne, ved at ein har samla gjenstandar frå flyvraka, modellar og sett saman ei stor fotosamling frå hendingane under «Den svarte fredagen». Museet treng oppfølging og fornying for å fungere etter formålet, frametter.



Husa våre

*Ungdomshus, grendehus, samfunnshus, bygdehus.
Husa vi møtest i betyr mykje for samhald og identitet i grendene våre. Med grunnsteinar som dugnad og fellesskap fortel husa oss noko om verdiane vi byggjer samfunna våre i kring, historia vi deler og framtida vi skal vere i lag om.*

GAULAR

Øvrebotten grendahus
Råheim grendahus
Viksdalen skule
Bygdetunet
Kupa
Mjell skulehus
Hestadgrend grendahus
Kommunehusa på Sande
Årbergdalen Grendahus
Sygnatunet
Sygna skulehus
Lunde skulehus
Lunde Grendahus
Bygstad samfunnshus
Bygstad skule
Bygstad bedehus
Hestad skule

NAUSTDAL

Vevring skule
Redalen skule
Helle skule
Frammarsvik skule
Naustdal kyrkjelydshus
Fosshalla ungdomshus
Åsedalen skule
Midtredalen skule
Dalen næringsssenter
Savland skule
Instedalen skule
Fimlandsbua

JØLSTER

Haugtun i Stardalen
Klakegg grendehus
Førs grendehus
Skei samfunnshus
Sunde grendehus
Myklebust grendehus
Sanddalen grendehus
Gjeshalla på Vassenden
Eikås ungdomshus
Svidal grendehus
Borgja på Ålhus
Helgatun i Årdalen

FØRDE

Viking
Haukedalen skule
Holsen skule
Karstad skule
FIL huset, Hafstadparken
Førdehuset
Løa, Tåene
Førde kyrkjelydshus
Førde bedehus
Evangeliehuset, Bruland
Angedalen skule
Kletten grendahus
Samlingshuset Gjerland

Handlingsplan

Målsettingar for kulturmiljøarbeidet i Sunnfjord kommune

- Auke kunnskapen og identitetskjenninga om kulturminneverdiane blant innbyggjarane
- Ta vare på og sikre viktige kulturminne og kulturmiljø
- Synleggjere kulturminne og kulturmiljø

OMSYNSSONER

Omsynssoner er overordna føresegnar om bevaring i kommunen si arealplanlegging i samsvar med plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Til omsynssone høyrer det til retningslinjer og føresegnar til dei aktuelle områda. Målet med omsynssone er altså å sikre viktige kulturminne. For å kunne gjere tiltak eller utarbeide reguleringsplanar som femner om omsynssone, må det gjerast ei eiga fagkunnig vurdering.

Det vert gjort vedtak om omsynssone i kommuneplanen sin arealdel for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i tråd med kulturminneplanen.

KULTURMINNELØYPER

Kommunen ser eit stort potensiale i å kople og løfte fram kulturarv og -minne, kunst og skulpturar, kulturlandskap, landskapsvernområde og naturvernområde ved å etablere kulturminneløyper langs nye og eksisterande turstiar. På denne måten vil ein legge til rette for oppleving og formidling av kulturarv og kunst, friluftsliv og fysisk aktivitet. Sunnfjord prioriterer difor utvikling av kulturminneløyper som tiltak for å:

- Auke kunnskapen om kulturminna i kommunen.
- Kartlegge, ivareta og gjere kulturminna tilgjengelege.
- Sikre ei god og føreseieleg forvaltning.

Midlar til stell og vedlikehald av kulturminna våre skal vere øyremerkte til føremålet i Sunnfjord kommune sin økonomiplan.

Prioriterte tiltak

1. Kulturminneløype Gulatingsvegen

Tilrettelegge ruta med merking og synleggjere tufta etter den gamle tingstova, slik at vegen framstår som ei historisk vandrute langs den gamle ferdselsvegen mellom Gaular og Høyanger.

2. Kulturminneløype på Ålhus

Etablere ei kulturminneløype for å dokumentere middelalderhistoria på Ålhus som mellom anna omfattar tuftene etter Auduns borg, minnestein ved riksvegen og dørbord i Ålhus kyrkje. Ei ny kulturminneløype på Ålhus vil omfatte Eikaas-galleriet og bør innebere at utomhusplan for området vert prioritert.

3. Hestad Kapell og kulturminneløyper på Hestad

Få installert eit operativt anlegg som straks sløkker tilløp til brann.

- Knyte landskap rundt og historia sterkare til kulturminnet og legge til rette for at eigedomen og omgjevnadane rundt blir ei læringsarena for berekraft.
- Legge til rette for og gjennomføre skulebesøk med kulturminne og turar i kulturløypene.
- Legge inn aktiviteter knytta til historiske handlingar ved årlege kulturminnedagar.
- Tilrettelegge for og ta i bruk i endå større grad historisk/ pilgrimsrute over fjellet frå Markeset i Høyanger kommune gjennom Bruraskaret til Hestad Kapell.

4. Kulturminneløype i området frå Sjøahola til Prestegarden og 25 omsynssoner i og rundt Førde sentrum

Området frå Sjøahola til Prestegarden er omfatta av to omsynssoner. Kunnskapen om kulturminna vert formidla gjennom ei kulturminneløype. Tiltaka illustrerer korleis ein kan arbeide for å nå målsettingane til kommunen når det gjeld kulturminne:

- Vi vil styrke identitetskjenninga til innbyggjarane i Førde og gje dei god allmenn kunnskap om kulturminne og kulturarv
- Viktige og sentrale bygningar/ bygningsmiljø som representerer historia og utviklinga i tettstaden Førde skal sikrast og bli tatt vare på
- Innbyggjarane i Førde skal få kunnskap om korleis Førde vaks fram som tettstad og by og kva kulturminne som har særprega historie og den sterke veksten.
- Oppdatert informasjon om kulturarven og kulturminne/ kulturmiljø skal vere lett tilgjengeleg for alle. I arbeidet med å etablere omsynssone i Førde har ein vurdert eksisterande kulturmiljø og bygningar i tettstaden ved å la tre målsettingar vere retningsgjevande:
 - Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer alle tidsperiodane i tettstaden si utvikling..
 - Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike sosiale grupperingar i tettstaden.
 - Vi skal ha med hus og kulturmiljø som representerer ulike næringer i tettstaden. Alle dei utvalde kulturminna ligg på matrikelgardane Halbrend, Hafstad, Via, Førde prestegard og Skei.

5. Kulturminne knytt til Astruptunet

Fullføre restaureringsarbeidet av hagen og bygningane i kunstnarheimen på Sandalsstrand.

6. Kulturminneløyper i Vevring og Naustdal

Det er utvikla fem kulturminneløyper i tidlegare Naustdal kommune.

Rundt Naustdal: Kulturminna i løypa rundt Naustdal er mange, men har presenterast eit lite utval: Naustdal kyrkje, Kyrkjeporten, gamle gravminne, Friis-Gundersen huset, Gardsbøen, Bautasteinen, Rodestein, Nye Berelva vru, Gamle brua, Stabbesteinar langs Øyravegen, Nybrua i Naustdal og Kyra og Budeia med Kjartanrosen.

Lonebrua – Grimsetstøylen: Her er gamal slåttemark, gamal torvgard, fargerik flora, dikjemyr, murar etter husmannsplassen Sollikvia, stølar og garden Kleppstølen

Vevring: Her finn ein Gravrøyser på Horne, Meieriet i Vassbotnen, landhandel på Vevring, Thingneset, Skulpturmiljø i Vevring, Vevring skule, Stavkyrkje i Vevring, Vevring kyrkje, Minnestein over lekpredikant Anders Redal, Minnestein over Leo Aarset, Steinalderbustad i Engebøvika, Vasskongjen på garden Medvatne i Redalen og Redalen skule.

Instedalen: Kulturminneløypa går frå Styggelia til Antonshogen på Fimland. Frå Styggelia og innover finn ein rester etter oppgangssag i Styggelifossen, Strengbru ved Jubrauta, Posthuset på Fimland, Gamleskulen på Fimland, Bautasteinen på Antonshogen og gamle løer i utmark.

Russenes frilufsområde: Kulturminneløypa ligg ved Ålesundet i Førdefjorden. I 1985 kjøpte Staten 95 daa av området på Russenes og gjorde det om til frilufsområde. Området går frå Engelneseet til Bukeneset, og er omfatta av svaberg, lune vikar og furuskog. Her er det godt eigna for fisking, grilling og teltovernatting.

Frametter vil det verte arbeid med skilting av alle kulturminneløypene som er med i planen, samt med å formgje og trykke brosjyrer med informasjon og vegvisarar, både digitalt og fysisk. Arbeidet med kulturminneløyper i Naustdal også vere vegvisar i seg sjølv, for å komme vidare med denne typen ivaretaking og formidling elles i Sunnfjord kommune.

7. Kulturminne knytt til postvegen med Steinkvelvingsbrua i Svidalen

Steinkvelvingsbrua i Svidalen er eit unikt kulturminne i sitt slag i Sunnfjord kommune. Kommunen er grunneigar på baa sider av elva og vil bidra til finansieringa og arbeidet med å restaurere steinkvelvingsbrua i samarbeid med grunneigarar, grendelag, nærmiljøråd og andre intressentar.

8. Kulturminne knytt til Bærelva bru i Naustdal

Det vert lagt ei omsynssone for å ivareta området med grøn struktur på begge sider av elva og «karennene» til den gamle Bærelvbrua. Det er påvist eit automatisk freda kulturminne i form av eit dyrkingsfelt i området.

9. Kulturminne knytt til Hjelmeland meieri i Gaular

Bygningen framstår slik den vart mura opp i 1904. Det er i dei seinaste åra komme eit hol i taket slik at det regnar rett inn. Eine veggjen på sørsida bognar noko innover. Golvet er òg sprukke ein del opp. Første tiltak bør vere å få utarbeidd ein restaureringsplan av ein faginstans.

Ei målsetting må vere å restaurere bygningen og produksjonsutstyret slik at den kan framstå som eit meierimuseum med tilhøyrande historie. Tine, Sunnfjord Kommune, grunneigar av arealet kring bygningen, bygdefolk og andre interesserte kan organsiere eit samarbeid om tiltaket.

10. Kulturminne knytt til Midttunet

Utfordringane kring tilkomst og parkering i Midttunet må løysast for at tunet skal bli tilgjengeleg for publikum. Midttunet er eit verdifullt kulturminne der det hastar å komme i gong med naudsynt vedlikehald. Sunnfjord kommune vil utgreie alternative løysingar for eigedomstilhøve og drift av tunet framover.

11. Kulturminne knytt til støylane i kommunen

Fjellbeita er og blir ein viktig ressurs i landbruket. I samband med landbruksoppgjera vert støylstilskota auka. Beitedyra bidreg til å halde kulturlandskapet ope og beitinga er gunstig for det biologiske mangfaldet. Ei berekraftig og opplevingsbasert reiselivsnæring vil òg nyte godt av beitedyra sitt arbeid. Gjennom tilskotsordninga «Spesielle miljøtiltak i landbruket» kan grunneigarar få tilskot til vedlikehald og restaurering av bygningar på støylane. Det er utarbeidd ein eigen rettleiar for slike tilskot i Sunnfjord kommune.

12. Kulturminne knytt til den Trondhjemske postveg

Den trondhjemske postveg er eit kulturminne av regional verdi. Dei attverande strekningane av postvegen kan sikrast med hjelp av omsynssoner etter plan og bygningslova. Vedlikehald og tilsyn med vegen kan regulerast gjennom skjøtselplaner som klargjer ansvarsfordelinga mellom grunneigarar, kommune og fylkeskommune.

13. Kulturminne knytt til Vassbrukmiljø i Eldalsdalen

Vassbruksmiljøet i Eldalsdalen kan brukast til å demonstrere korleis den fornybare ressursen vatn har vore utnytta fram til elektrisiteten skaut fart i siste del av 1900 talet. Det vil framstå som eit samla kulturminnemiljø som viser viktige sider ved næringsutviklinga dei siste hundre åra.

Eldalsdalen grendelag vil, i samarbeid med grunneigarar og andre lokale lag og organisasjonar legge til rette for å organisere arbeidet med å skaffe finansiering for å restaurere Tjønnelandsaga i første omgang, og på sikt heile Vassbrukmiljøet.

14. Kulturminneløyper som kulturhistoriske ruter

For å gje innsyn i kulturminna knytt til samfunnsinstitusjonar, administrative funksjonar og det varierte næringslivet i bygder og mindre tettstadar i Sunnfjord kommune er kulturhistoriske ruter eit aktuelt tiltak. I Sande sentrum i Gaular er ei slik rute under utarbeiding og utprøving. Løypa gjev innsyn i samfunnsinstitusjonar og styring i Gaular gjennom fleire hundre år.

- Løypa vil fungere som både som eit aktivitetstilbod og formidling av kulturminne for lokale fastbuande og turistar.
- Besøkande skal kunne bevege seg langs ruta og få fortalt om dei ymse stadane som representerer viktig kulturarv.
- Kulturhistoriske ruta eignar seg godt for skulebesøk. På sikt er det ynskjeleg å utvide ruta til fleire historiske stader.

Ruta vert utvikla som i eit samarbeid mellom Gaular Sogelag, Fortidsminneforeninga, Sande Nærmiljøgruppe og Sunnfjord kommune gjennom ordningane Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle Spaserstokken. Samarbeidet og organiseringa kring den kulturhistoriske ruta i Gaular kan tene som døme og inspirasjon for utviklinga av liknande ruter elles i kommunen.

15. Kulturminne knytt til skulehistorie i Sunnfjord

I samarbeid med lag, organisasjonar og andre offentlege og private initiativ kan kommunen bidra i arbeidet med å ivareta og utvikle historiske skulemiljø som kulturminne. Fimland gamle skule og Gjesdal gamle skule er døme på slike aktuelle skulemiljø. . Dersom det kan finnast eksterne løysingar for finansiering og drift er det også aktuelt å stille gamle Heimyrkjeskulen til disposisjon for etableringa av eit kultur- og handverkshus på Jølster.

16. Kulturminne knytt til krigsminne i Sunnfjord

Krigsminna i Sunnfjord bør forvaltast gjennom ein samla og heilskapleg plan for ivaretaking og formidling. Sunnfjord kommune kan vere samarbeidspart i arbeidet, saman med utdanningsinstitusjonar, historielag, sogelag og andre.

I Luftkampmuseet på Slettehaug i Naustdal har det vore lagt til rette for formidling av krigsminne, ved at ein har samla gjenstandar frå flyvraka, modellar og sett saman ei stor fotosamling frå hendingane under «Den svarte fredagen». Museet treng oppfølging og fornying for å fungere etter formålet framover.

KULTURMINNEPLAN FOR SUNNFJORD KOMMUNE

Bakgrunn, målsettingar og definisjonar

Ved auka kunnskap og ivaretaking av kulturminne skal kulturminnevernet styrkast.

Stortinget har uttrykt statlege forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteken i kongeleg resolusjon 12.6.2015. Her er det slått fast at kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i samsvar med nasjonale mål. Likevel er det eigarane som er ansvarleg for å ta vare på kulturminna på ein god måte. For å gjere dette må ein ha kunnskapar og ressursar.

Det er dei offentlege myndigheitene som har det overordna ansvaret i kulturminneforvaltninga, noko som mellom anna vert regulert igjennom kulturminnelova.

Kulturminneplanen skal vere ein pådrivar i høve formidling, bruk og tilrettelegging av kulturminne. Skal vi forvalta kulturminna på ein god måte, må vi kjenne historia.

Difor må kulturminna settast inn i ein historisk samanheng, slik det er gjort i denne planen.

Med dette som utgangspunkt er difor hovudmålet med planen formulert: Ved auka kunnskap om og ivaretaking av kulturminne skal kulturminnevernet styrkast.

For å nå hovudmålet vert det formulert delmål og tiltak i ein handlingsplan.

- For å lukkast i dette arbeidet må kommune, objekteigarar, dei frivillige lag og organisasjonar spele på lag.
- For å lukkast med planen er ein avhengig av å få til ein felles innsats frå private og offentlege organ.

KVA ER EIT KULTURMINNE?

Kulturminnelova definerer kulturminne slik i § 2:

«Med kulturarv menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

KORLEIS VURDERER VI KULTURMINNE?

Det finst eit sett med kriterium for å vurdere dei kulturhistoriske verdiane som kulturminne kan ha. Alle kulturminne, både materielle og immaterielle blir vurdert etter vernekriterium. Sentralt i vurdering av kvart bygg og bygningsmiljø står deira

- Kunnskapspotensiale
- Opplevingsverdi

Kulturminnetypar og definisjonar:

OMGREP	DEFINISJON
Kulturminne	Alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet. Omfattar også stader der det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
Automatisk freda kulturminne	Kulturminne som ut frå alder er automatisk freda etter lov om kulturminne § 4. Det omfattar kulturminne frå tida etter istida for ca. 11 000 år sidan fram til år 1537, også kjent som arkeologiske kulturminne eller forminne. Ståande byggverk med kjent opphav frå perioden 1537-1649, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år og faste og lause kulturminne frå Svalbard frå før 1946 er også automatisk freda. Skipsfunn eldre enn 100 år, sjå § 14 i lov om kulturminne.
Nyare tids kulturminne	Kulturminne frå tida etter 1537. Har i utgangspunktet ikkje spesiell juridisk status.
Vedtaksfreda kulturminne	Nyare tids kulturminne som er freda gjennom vedtak etter lov om kulturminne § 15.
Forskriftsfreda kulturminne	Nyare tids kulturminne som er freda ved statleg forskrift. Gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av statleg verneplan og som er i statleg eige på fredingstidspunktet.
Listeført kulturminne	Nyare tids kulturminne som etter kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og er oppført på liste over objekt som skal forvaltast på nærare definert måte. Både kulturminne som er formelt freda (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeført.
Regulert til bevaring	Kulturminne/kulturmiljø som etter plan og bygningslova er regulert til bevaring ved bruk av omsynssone og tilhøyrande retningslinjer og føresegner.
Verneverdig kulturminne	Eit verneverdig kulturminne har gått gjennom ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Verneverdig og bevaringsverdig blir gjerne nytta om kvarandre.
Kulturmiljø	Eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap, og kulturminneverdi er med på å definere området. Bygningsmiljø er døme på kulturmiljø.
Kulturlandskap	Landskap som er påverka av menneske.
Faste kulturminne	Jord- eller stadfaste kulturminne.
Lause kulturminne	Gjenstandar og kulturminne som er flyttbare.
Immateriell kulturarv	Tru, tradisjon, segn, musikk, hendingar, handlingsboren kunnskap og handelag m.m.
SEFRAK-registeret	Eit landsdekkande register over eldre bygningar og anlegg (SEFRAK- Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg). I hovudsak var det bygningar bygde før 1900 som vart registrerte. Ferdigstilt i 1995.
Meldepliktig tiltak	Det må gjerast vurdering av verneverdien for ein bygning eldre enn 1850, i tråd med kulturminnelova § 25. Det gjeld i samband med søknad om endring eller riving. Kommunen sender søknaden til fylkeskommunen for fagleg vurdering.
Vernekriterium	Eit sett med omgrep nytta ved vurdering av eit kulturminne/kulturmiljø sin kulturhistoriske verdi, t.d. representativitet og autentisitet.

Fotokreditt

Side 6-7:	Ståle Fossheim
Side 8:	Vedvik Photography
Side 10, Audun-spelet:	Oskar Andersen
Side 10, Smykke:	Anne Lise Øvrebø
Side 12:	David Zadig
Side 14:	1. Chr Berg 2. Knud Knudsen 3. Olai Fauske
Side 15:	Sunnfjord Museum
Side 16-17:	Ingeborg Mellgren Mathisen
Side 18:	Sunnfjord Museum
Side 19:	Fylkesarkivet
Side 20:	Widerøe/Nasjonalbiblioteket
Side 22, svart/kvitt-foto	
Prismatoiden med born:	Uno Karlsson
Side 22-23:	Naustdal Sogelag
Side 24, Oddvar Torsheim:	Bent Are Iversen
Side 25:	Førdefestivalen
Side 27:	Hallstein Dvergsdal
Side 28:	Oddleiv Apneseth
Side 30:	Sunnfjord Museum
Side 32:	Olai Fauske, handkolorert
Side 34:	KODE, Bergen kunstmuseum
Side 39:	Line Hårklau
Side 40:	Line Hårklau
Side 46:	?
Side 47:	Line Hårklau
Side 48:	Atle Lunde
Side 50:	Dieter Schneider
Side 52:	Arne Bjørndals samling/UiB
Side 53:	Hallstein Dvergsdal
Side 54:	Fylkesarkivet
Side 55:	KODE, Bergen kunstmuseum
Side 56:	Dagrun Reiakvam
Side 58:	Einar Eimhjellen
Side 59:	Anne Cecilie Kapstad
Side 60:	Line Hårklau
Side 62:	Harald Jarl Runde
Side 64-65:	Oddleiv Apneseth

Kjeldeliste

Øvst i lista står dei fire eksisterande kulturminneplanane for Gaular, Naustdal, Førde og Jølster. Desse finst tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, med gjeldande vedlegg.

Å registrere, ta vare på og formidle kunnskap om kulturminna våre byggjer på eit stort og kvilelaust arbeid i sogelaga og mållaga våre, på musea og i biblioteka, i skulane og mellom frivillige eldsjeler.

I sogeskrift, støylsbøker, julehefte, lagsaviser og andre publikasjonar vert det samla og dokumentert vesentleg kunnskap for ettertida.

Det lokale engasjementet og eigarskapen er avgjerande for å lukkast i å nå måla vi har sett oss for kulturmiljøarbeidet i Sunnfjord.

Kulturminneplan, Gaular 2021–2023
Kulturminneplan, Førde 2018–2030
Kulturminneplan, Jølster 2021–2023
Kulturminneplan, Naustdal, 2017–2020

Bygdebøker for Naustdal, Jølster, Gaular og Førde
Støylsbøker for Gaular og Førde
Sogeskrift utgjeve av Naustdal sogelag
Sogeskrift utgjeve av Gaular sogelag
Sogeblad utgjeve av Førde sogenemnd
Historieskrift utgjeve av Førde Historielag
Støylshefte utgjeve av Naustdal sogelag
Bladet Jølst, utgjeve av Jølster mållag
Jul i Sunnfjord, utgjeve av Sunnfjord sogelag
«Raudlista» - hefte utgjeve av Sogn og Fjordane husflidslag
Sogehefte for Gaular i perioden 2009–2022

Andre kjelder, alfabetisert:

Bakken, Arve M (red): Fjordhesten (1987)
Bruaset, Oddgeir: Jostedalsbreen (1996)
Djupedal, Torkjell: Førde – kulturhistorisk vegvisar (1998)
Helgheim, Jarle: Jølster – bygda og breen (2000)
Kapstad, Anne Cecilie: Kongens sendebod – Audun Hugleikson 1240–1302
Nybø, Kolbjørn Nesje: Husa våre (2019)
Oppedal, Svanhild: Livsnerven gjennom bygda (2023)
Pettersen, Jon Roald: Vestlandsk fjordfe (2016)
Aasland, Arne: Førde blir by 1957–2017.

Utvalde avisartiklar:

Johnsen, Helge: Trudde dei hadde straum nok til evig tid. Avisa Firda, 18.12.2014.
Røyrane, Eva: Alle ville ha Connie-hus. Bergens Tidende, 16.04.2004

Utvalde manus:

Tidsvitna Magnus Øvrebø, Kjartan Leirpoll og Sarah Thingnes er sitert frå intervju som vart gjort av Bodil Kvamme og Janne Karin Støylen som utgangspunkt for manus til teaterstykket «Eg er i går», dramatisert for Teater Vestland i 2018.

Forfattaren Marianne Clementine Håheim er sitert frå manus til framsyninga «Folkemusikken og forteljingane» produsert for Førdefestivalen og Rom for ord i 2021.

Utvalde nettstadar:

fylkesleksikon.no
fylkesarkivet.no

